

TURISTINFORMASJON



BREMANGER

2015



www.facebook.com/bremangerturistinformasjon



Twitter: @BremangerTurist



Instagram: @bremangerturistinfo #bremangerturistinformasjon

Innhold

Opplysningar.....	3
Bremanger Turistinformasjon.....	4
Aktivitetar å finne i Bremanger Kommune	5
Attraksjonar i Bremanger Kommune	14
Vingen Helleristningsfelt.....	14
Gamle Handelsstadar	16
Sjøklippa Hornelen av gamalt Smalsarhorn.....	18
Ålfoten Kyrkje.....	20
Andre attraksjonar å få med seg i Bremanger Kommune.....	21
Aarrangement i Bremanger kommune	24
Bank.....	28
Butikkar	29
Båthamn.....	33
Daglegvarer	34
Drivstoff	35
Drosjer i Bremanger Kommune	37
Ferjer og Hurtigbåtar.....	38
Fjellturar	45
Mat og Drikke.....	50
Bakarhuset i Svelgen.....	50
Brødrene Larsen Fiskebutikk.....	51
Dampen	52
Havly Pensionat Bremanger	53
Knutholmen.....	54
Ninas Kro	55
Sanoh Takeaway.....	56
Svelgen Hotell – Kafé og Restaurant.....	57
Overnattingsmuligheter Hytter / Rorbuer / Rom.....	58
Camping	73
Telt	73
Hus.....	74

OPPLYSNINGAR

Det er viktig å opplyse alle turistar om viktige telefonnummer ein kan ringe og internetsider ein kan besøkje om det skulle oppstå noko. Om det er noko ein ikkje finn ut av, ikkje nøl med å ringe Turistinformasjonskontoret.

Legevakta 577 93 313

Legekontoret på Hauge Bremanger 577 96 670

Legekontoret i Svelgen 577 96 400

Servicekontoret Bremanger Kommune 577 96 300 www.bremanger.kommune.no

Teknisk Vakt Bremanger 959 82 999

Ruteopplysningar i Sogn og Fjordane 177 www.ruteinfo.net

Brann 110

Politi 112

Ambulanse 113

Det kan vere moglegheiter for å utføre aktivitetar på stadane ein bur, som til dømes å leige båt/kajakk/syklar osv. Ta difor kontakt med uteigarane eller informasjonskontora slik at vi kan hjelpe til for at dykk skal få eit best mogleg opphold i Bremanger kommune.

For å hjelpe uristar som ferdast i Bremanger Kommune har turistkontoret prøvd og gjere det enkelt, kjapt og oversiktleg for alle å oppleve denne vakre kommunen vår. Vi har utarbeida QR-kodar på dei fleste bedrifter, arrangement, aktivitetar, etc. for å gje dykk tilgang til meir informasjon. For å gjennomføre ein QR-kode må ein ha ein smarttelefon og ein applikasjon som les slike kodar. Denne finn ein på plattformane Marknad eller iTunes på smarttelefonane. Vi anbefalar ***QR reader***. Når de har lasta ned applikasjonen, sjekk ut Bremangernytt og sida vår på Facebook.





Facebook

BREMANGER TURISTINFORMASJON

På vår facebookside finn du informasjon om alle små og store arrangement i heile kommunen.

Vi har fotoalbum med info om:

- Kva skjer
- Fjellturar i Bremanger
- Overnatting i Bremanger
- Attraksjonar i Bremanger

og mykje meir.

Her finn du også ulike videosnuttar og diverse biletar frå heile kommunen.

Besøk oss gjerne i Knutsenhuset på Amtskaia i Kalvåg. Vi har oope kvar dag heile sommaren.
Opningstider:

Måndag – laurdag 10 – 18
Søndag 10 – 16

Dersom det er noko du saknar i heftet eller feil, så med i frå til oss anten på epost:
turistinformasjon@bremanger.kommune.no eller på telefon: 481 40 488



AKTIVITETAR Å FINNE I BREMANGER KOMMUNE

Bading

I Bremanger kan du finne mange små og store badestrender. Den største og mest brukte heiter Grotlesanden og er å finne yst på Grotle. Her er dusj og toalett som er ope frå 10 – 22 og bruken av desse er gratis. Men om du kjem med bil vil det koste deg 30 kr. for å parkere ved Grotlesanden.

Håkssanden ligg like ved Sparbutikken på Hauge i Bremanger. Her er ikkje toalett og dusj i samband med stranda. Parkering foregår ved Sparbutikken.

Vetvika er ein nydeleg badepllass. Stranda er veglaus, men kan nåast med båt eller til fots på merka sti. Fotturen tek om lag 3-4 timar ein veg, til saman rundt 7-8 timar. Vetvika er som eit paradis med utsikt mot storhavet.

I Kalvåg finn ein stranda Bontelabo. Denne stranda er mindre enn dei andre strendene, men har toalett og gratis parkering i forbindelse med stranda. Det er også moglegheiter for å gå eit stykke av Nordsjøløypa. Her kjem ein enkelt ut til Lamperæva der ein kan ta ein avslappande lunsj med utsikt mot Hovden, Batalden og Botnane.

I Davik ligg Hauesanden, ei trivleg lita sandstrand. Den ligg fint til nede ved fjorden og der er tilhøyrande sanitæranlegg.

I Svelgen er det fint å gå rundt Risevatnet. Her er det også moglegheiter for å bade, men her er det ikkje toalett som er tilknytt badepllassen. Det anbefalast å parkere bilen ved idrettshallen for so å ta beina fatt opp mot Risevatnet.

For dei som likar å bade over alt ein ferdast so er det moglegheiter. Det er ufatteleg mange kaier og svaberg ein kan sole og kose seg. Vi ber turistar om å vise hensyn og ta kontakt med lokale personar for å høyre om det er greitt om ein hoppar og badar frå kaiene, og håpar at alle hugsar på å rydde opp etter seg når ein reiser.



Båtkøyring

Ein kan leige båt ved Knutholmen i Kalvåg. Elles er det ein god del av hyttene og rorbuene som har utleige av båtar og utstyr. Det kan også leigast sjark/båt med skipper. Ta kontakt med informasjonskontora eller eigaren av staden du bur på for meir informasjon om sjøkart og liknande. Husk sjøvegsreglane og sjøvettreglane.

Motorbåtar:

1. Hold til høgre for møtande båt.
2. Vik for båtar fra styrbord.
3. Motorbåtar vikar for seglbåtar.

Seglbåtar:

1. Seglbåt med vinden inn fra babord vikar for seglbåt med vinden inn fra styrbord.
2. Lobåt vikar for lebåt.

Generelt:

1. Innhetande båt vikar for båt som blir innhenta.
2. Hold god avstand til nyttetrafikken.
3. Hold til styrbord i tronge led
4. Hold avstand til båtar som ikke kan manøvrer normalt.

Sjøvettreglar:

1. Tenk sikkerheit.
2. Ta med nødvendig utstyr.
3. Respekter vær og farvatn.
4. Følg sjøvegsreglane.
5. Bruk redningsvest eller flyteplagg.
6. Vær utkvilt og edru.
7. Vis hensyn!



HUSK maks 5 knop innanfor 50 meter frå stadar der bading pågår. Ingen ankring av maskindrivne fartøy i eller innanfor merkebøyer ved badeplassar og avpass farten etter slik at det ikke ved bølgjeslag eller på annen måte oppstår skade eller fare for skade.


Dykking

Grotle Dykk held til i Reidarbua på Iglandsvik. Dei tilbyr blant anna dykkekurs i ulike variantar, turar og overnatting. Grotle dykk vart etablert i 2008 av Hans-Marius Føleide. Målet med Grotle Dykk er å gjere Bremanger kjent som ein dykkedestinasjon, slik at fleire kan oppleve verda under vatn. Sjå grotledykk.no eller ring 970 44 6 43.

Fisking

I Bremanger kan ein fiske både i sjø og i vatn. I Bremanger finst det mange fiskevatn i fjellheimen. Nokre av desse har SJF tatt eit særleg ansvar for m.a. med utfisking av vatna. Gruppa disponerer hytte og båt ved Ivervatnet. Men om ein vel å fiske i vatn må ein skaffe seg eit fiskekort. Fiskekarta er merka med grønt på kartet og går an å kjøpe på følgjande stadar:

Servicekontoret, Bremanger kommune	Svelgen Hotell
Langesjø Hyttegrend	Myklebustsætra
Joker Ålfoten	Joker Davik
Nærbutikken Leirgulen	Farmen
Bård E. Grotle	Informasjonskontora i Kommunen



Husk minstemål i fritidsfiske. Det er ikkje minstemål på sei, makrell, lange, lyr eller steinbit. Fisken si lengde målast frå snytespissen til enden av halesporens yste strålar. Kontakt informasjonskontoret om det er noko som er uklårt.

Prisar fiskekort:

Døgnkort	40,-	Sesongkort 1.sone	200,-
Vekeskort	100,-	Sesongkort alle soner	500,-

Husk minstemål i fritidsfiske. Det er ikkje minstemål på sei, makrell, lange, lyr eller steinbit. Fisken si lengde målast frå snytespissen til enden av halesporens yste strålar. Kontakt informasjonskontoret om det er noko som er uklårt.

Prisar fiskekort:

Døgnkort	40,-	Sesongkort 1.sone	200,-
Vekeskort	100,-	Sesongkort alle soner	500,-

Fotball

Om interessa for fotballspeling er tilstade er det moglegheiter for å spele litt. I Svelgen er det kunstgrasbane og ballbinge, i Kalvåg er det grusbane ved skytebana og ein ballbingen ved Frøyen oppvekst. I Bremanger er det ein innandørs hall, kunstgrasbane og grasbane der 5-divisjonslaget Bremanger spelar sine heimekampar. Det er også ein ballbinge ved Hauge Skule. Alle banene som ligg utandørs er tilgjengeleg for speling.

Jakt

Bremanger har vore og er framleis ein av landets største hjortekommunar. At her er mykje hjort kan ein mellom anna observere om ein kører gjennom kommunen ein sein kvelds- eller nattetime. Særleg på vårparten kan ein treffe på store flokkar med beitande hjort på heimeinnmarka. Interessa for jakt er såleis stor i hjortekommunen Bremanger. Den aukande hjortestamma har ført til at nokre grunneigarar har valt å leige ut deler av jaktretten sin, eller at interesserte jegerar har gått inn i eksisterande jaktlaget som gjestejegerar. Hjortejakt er såleis å rekne både som friluftsaktivitet og som utmarksnæring. Om du ynskjer meir informasjon om jaktreglar, jaktprøver i kommunen og liknande, ta kontakt med informasjonskontora.

Kano / Kajakk / Båtutleige

Kanoar, kajakkar og småbåtar kan leigast ved Svelgen Hotell og Knutholmen i Kalvåg. For meir informasjon gå til www.svelgenhotell.no og www.knutholmen.no .

Ynskjer du kurs eller organiserte turar, ta kontakt med Norway Adventures +47 994 04 207 eller informasjonskontora.

Kino

Det er kino på Hauge i Bremanger ved sidan av Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale, samt i Svelgen på Samfunnshuset. Utanfor lokala blir det hengt opp kva filmar som går og når dei skal synast.



Klatring/Rappelering

Det er fine forhold for klatring og rappelering i Svelgen. Her er bolta ruter for klatring og erfarte folk i området. Ynskjer du meir informasjon sjå www.norway-adventures.com, ring 994 04 207 eller snakk med informasjonskontoret.

Kunst

Svelgen Kunstlag vart skipa 6. februar 1984. Kunstlaget har i desse åra hatt årvisse utstillingar for etablerte kunstnarar, m- en har òg hatt ei fast medlemsutstilling i året. Målsettinga til laget er å gje folk høve til å sjå god bildande kunst, gjerne i ulike teknikkar og uttrykksformer. Fast utstillingsplass har vore Svelgen Samfunnshus, Småsalen.

Galleri Frøya og Galleri Loftet ligg i Kalvåg. Galleriet ligg i dei gamle butikk-lokala på vegen ned til Knutholmen. Her ligg Galleri Loftet i andre etasje og Galleri Frøya i første. Det er skiftande utstillingar i begge etasjane.

Opningstider : man-laur 11-16. Elles etter avtale.

For meir informasjon ta kontakt med sommarakademiet v/Karin Flatøy

Svarstad, tlf. 952 15 399, e-post: sa@somak.no.



Galleri Frøya

Kulturhuset Heimen ligg på Hauge i Bremanger. Bygget ligg ved sidan av Sparebanken.

Kulturhuset heimen har ei fast utstilling «Minne om Maria» som er ei utstilling som heidrar kystkvinnar og fortel om liva til nokre av kvinner som har levd i ytre Bremanger. I kafeen er det også utskiftande utstillingar.

Opningstider: Fredag 15-20

Laur og søn 12-16

Omvising i utstillinga «Minne om Maria» vert gjort etter henvendelse. Elles ope dersom skilt utanfor.

For meir informasjon ta kontakt med Reidun Øvrebotten, tlf: 971 04 030,

Holmen Atelier Pamela Dunbar ligg ved sidan av Knutholmen i Kalvåg. Her er det både kunstutstillingar og gavebutikk. Innehaver Pamela Dunbar er kunstnar og frå Irland, ho har drive Holmen Atelier sidan ho starta det i 2003.

Opningstider:	Måndag-onsdag	12-16
	Torsdag-fredag	10-16.30
	Laudag	10-16
	Søndag	frå 14.15

For meir informasjon ta kontakt med Pamela Dunbar, tlf: 908 25 657, e-post:
pdunbar@online.no

Mestringsgården Klatrepark

Mestringsgården ligg i naturskjønne omgivnadar på Nesbø, ca 15 km frå Svelgen.

Katreparken består av to løyper med til saman 12 element og to ziplines. Det er kontinuerleg sikring gjennom heile løypa og er også sikkert for dei minste. Frå 100cm og oppover. Maks 130 kg.

Kontaktinformasjon: tlf: 901 64 719/ 415 63 328 epost: mestringsgaarden@gmail.com

Motorcross

I Kalvåg finn ein motorsportbane på Liset. Denne vert drifta av Kalvåg Motorcross og dei held treningar kvar søndag frå kl. 12-15 i frå Mai til September. Dei har utleige av utstyr og syklar, i tillegg til at dei sel lisensar og dagslisensar. Dette er noko som passar både for vaksne og born frå 5 år og oppover. Born frå 5 år må vere i følgje med føresette.

Svelgen kan også skilte med motorcrossbane. Denne ligg ved Fv 614 ca. 7 min i frå Svelgen Sentrum i retning Bremanger/Ålfoten. Bana heiter Amsterdam Motorcrossenter.



Rasteplassar

Er du på gjennomreise i Bremanger og har lyst å ta deg ein halvtime køyrepause, so legg vi fram her dei flottaste rasteplassane som er langs vegen i kommunen vår. Mellom Svelgen og

Ålfoten på riksveg 614 finn du ein rastepllass ved idylliske Langevatnet. Her kan du sitte og nyte stillheita, høyre på tiuren som kallar på makin sin og sjå fjella som ligg majestetisk rundt. Her er og startstad for turar til Nibba og Karlskareggja. Samt på Rugsundøya på riksveg 616 mellom Kalvåg og Leirgulen finn du Gloføyka. Her er ei flott utsikt ut på møtepunktet for Skatestraumen og Frøysjøen, der sjøklippa Hornelen ligg i midten. På Gloføyka har du tilgang til toalett, sitteplassar, grillplass, bademoglegheiter og fleire turmoglegheiter.

Sykling / Spinning

Om du har med sykkel til Bremanger kan du få sett mykje vakkert av kommunen. Her kan du ta turar åleine eller saman med andre. Har du lyst å sykle med andre er det moglegheiter å ta kontakt med Kalvåg Sykkel eller Svelgen Cycling. Dette er to grupper med glade syklistar som har organisert seg. I sommarhalvåret arrangerer klubbane sykkelturar rundt om i kommunen. Dei fleste medlemmar finn ein i ytre deler av kommunen, men laget har også medlemmar frå indre Bremanger. Ytre Bremanger er kjent for sine fine og behagelige sykkelløyper. Om du vil leige ein sykkel i Bremanger kommune ta kontakt med Pamela Dunbar Atelier i Kalvåg eller Svelgen Hotell i Svelgen. Vil du sykle innandørs er det moglegheiter for det og. Spinning kan arrangerast i Rugsund, Bremanger, Kalvåg og i Svelgen. Ta kontakt med informasjonskontora for meir informasjon.

Surfing

I Vetvika er det flotte forhold for surfing. Elles er det og godt tilrettelagt for surfing på Stadt i Selje kommune. Sjå www.stadtsurfing.com eller ring informasjonskontora.

Treningsstudio

I Bremanger, Kalvåg, Rugsund og Svelgen finn du treningsstudio. Bremanger sitt treningsstudio BremangerTrim ligg bak Kulturhuset heimen. Opningstider 24/7 med kodelås. For å få tilgang til koden må ein kjøpe medlemsskap.

Kontaktpersonar: Reidar Håvardstun: 482 25 600 og Anne Kristin Førde: 991 69 091

Kalvåg sitt treningsstudio BUATrim er ope frå klokka 06:00-22:00.

På BUATrim har du Trim med sjøutsikt, eit fantastisk fint opplegg med nytt utstyr. For meir info kan du ringe Malene: 95702957 eller sjekke ut Facebooksida.

<https://www.facebook.com/BuAtrim>

I Kolseth, Rugsund ligg det også eit treningsstudio, Øysteins Trimstove. Medlemskap koster kr 300 for livstid, og dermed har du 25% rabatt på treningsklede ved G-sport i Måløy. Treningsstudioet er opent 24/7. For meir informasjon kan du ringe Øystein Kolseth 908 50 508.

TrSvelgen Hotell har helsestudio med ulikt treningsutstyr og tre solsenger. For nøkkeltolkort må ein henvende seg i hotellresepsjonen. På laurdagar er det ope for familietrim frå kl.13-17. For meir informasjon og prisar www.svelgenhotell.no

Turar

Keipen Turlag har arrangerte fjellturar. Sjå meir på arrangementa som skal haldast i sommar. Det finnast også tre turlag for born. Eit i Svelgen, eit i ytre Bremanger og eit i Ålfoten/Davik. For meir info og turar www.facebook.com/barnas-turlag-keipen

I tillegg til dei arrangerte turane til Keipen Turlag er det også noko som heiter Turboktrimmen. Det er ein fjelltrim som tar utgangspunkt i Turboka der målet er å nå 10 ulike fjelltoppar fordelt over heile Bremanger Kommune, ein fjelltopp for kvar sone i boka. Når ein skal på desse turane tar ein med seg eit klippekort og klippar i det feltet som representerer den toppen du er på. Klippekort kan ein få kjøpt hjå Turistinformasjonen eller ved å kontakte Keipen Turlag. Her får ein også oversikt over kva toppar som er med i årets trim. Besøk også gjerne Keipen Turlag sine heimesider: www.turistforeningen.no/keipen eller facebook: www.facebook.com/keipenturlag

Paintball

Svelgen Hotell tilbyr paintball. For meir informasjon om prisar og utstyr besøk dei på heimesidene www.svelgenhotell.no

Volleyball

I Rugsund har du moglegheit for å spele sandvolleyball. Bana ligg ned mot sjøen rett etter Rugsundbrua i krysset mellom Isane og Leirgulen. Bane nummer to finn ein i Svelgen ved sidan av skulen. I Bremanger ligg det ei sandvolleyballbane på Bjørsvika ved sidan av kunstgrasbana. I tillegg er der eit sandvolleyballnett på Grotlesanden

Zumba

I Bremanger er det to Zin/Zumba instruktørar som held timar i Strandhall/Ryland Grendahus. Svelgen Turn og Idrettsforeining har Zumba treningar i Svelgen. I Kalvåg er Malene Røys som er Zin/Zumba instruktør og har treningar i gymsalen til Frøyen Oppvekst. Ta kontakt med informasjonskontora for meir informasjon. I Davik er det Anne Van Oorschot-van Beuningen som er Zumba-instruktør.

Andre aktivitetar

Om du vil ha noko informasjon om for eksempel basketball, symjing, friidrett, trim, skyting, havrafting, dans, drama, saum og handverk, bilete og kunst, instrument, etc. so ta kontakt med Turistinformasjonen slik at vi kan hjelpe deg. Det er mange idrettslag som har aktivitetar rundt om kring, og vi er sikker på at det kan være noko for deg.

For andre aktivitetar sjekk også heimesidene til Knutholmen: www.knutholmen.no og Svelgen Hotell: www.svelgenhotell.no og Bremanger Kommune: www.bremanger.kommune.no under Kultur, idrett og fritid.



ATTRAKSJONAR I BREMANGER KOMMUNE



Vingen Helleristningsfelt

Inst i den tronge Vingenpollen, med bratte fjell ikring, ligg Vingen, eit av dei største og mest særmerka helleristningsfelt i Nord-Europa. Her finn ein mellom 2000 og 2500 figurar, truleg laga av veidefolk i yngre steinalder, som er omlag 7000 år gamle.

Hjorten er det vanlegaste motivet, men ein finn òg menneskefigurar og abstrakte symbol. Dette er ei fantastisk oppleving der ein går langt tilbake i tid og får eit innblikk i korleis menneskje levde på den tida. Opplevinga av å gå rundt og sjå kvar dei satt og lagde alle figurane, kvifor dei lagde dei og prøve å forstå formålet med ristningane er unik. I samarbeid med godt erfarne og kompetente guidar blir dette ein tur du neppe gløymer. Området er verna, og berre organisert ferdsel er tillate. Det vert i den samanheng sett opp turar fredagar om sommaren, men kan arrangerast turar utanom om det er ynskjeleg. Ta kontakt med turistinformasjonen i Kalvåg om meir informasjon.

HKH Dronning Sonja besøkte Vingen Helleristningsfelt 16.06.2014 i samband med ein privat kunstnartur.



Tongane Kystfort



Opplev den norske krigshistoria på nært hald. Langs kystane frå Biscaya til Kirkenes bygde den tyske vernemakta ut eit system av støttepunkt og festningsverk for å stå imot allierte åtak. Ved slutten av krigen var det 16 slike berre i Sogn og Fjordane, og sjølv om dei var bygde for krig er mange av dei i dag fredlege, idylliske perler med ei svært interessant historie å fortelje. For det første var dette eit av festningsverka som faktisk var i kamp, under Måløyraidet i romjula 1941. I tillegg er mykje av anlegget, inkludert noko av skytset, intakt og tilgjengeleg. For å gjøre Tongane meir «publikumsvenleg» er det også sett opp fleire tavler med kart, bilete og annan informasjon om festningsverket. Det er eit stort pluss at heile festningsområdet er urørt og at det ikkje er bygd hytter og hus her. Det er etter måte enkelt å ta seg fram til Tongane både med båt og til fots. Båtfolket kan bruke kaia på sørssida av anlegget. Til fots går ein frå Hamnen, like ved tunnelen under Skatestraumen (vis omsyn ved parkering og unngå privat område). Det er merka stig fram til festningsanlegget og turen tar om lag ein halv time.



Gamle Handelsstadar

Rugsund

Rugsund Handelstad



Omkansa av vakker natur ligg den gamle handelsstaden i Rugsund på austspissen av Rugsundøya. Rugsundet er "snarvegen" til Nordfjord når ein kjem sør ifrå innover Frøysjøen. I omkrins av Rugsund handelsstad finn ein den mektige Hornelen som utgjev seg for å være den høgaste sjøklippa i Europa. Den berykta Rugsundstraumen er òg å finne i kort avstand frå den gamle handelsstaden. Den lune og gode hamna sentralt plassert ved den indre skipsleia langs kysten var ettertrakta av dei sjøfarande. I dag er hamna mykje besøkt av båtturistar som for alvor har oppdaga den idylliske og fredelege hamna. På Rugsund Handelstad kan du òg overnatte. Du kan leige rom, leilegheit, hus eller teltplass. Du har høve til å leige selskapslokale til private arrangement, slik som bryllaup, konfirmasjonar, bedriftsutflukter, konferanse etc. I Rugsund-området er det svært gode tilhøve for dykking. Her kjem turistar frå alle verdsdelar og uttalar seg om den vakre dykkeopplevelinga som er å finne i Rugsund. På handelsstaden kan du fylle dykkerflasker. Rugsund er eit godt utgangspunkt for turar til Hornelen, Ålfotbreen, Vingen Helleristningsfelt og elles flotte fjellturar i fjellområda omkring. Her vil heile familien storkose seg i flott kystkulturmiljø. Det ein skal vere obs på er korleis ein kjem seg til handelsstaden. Når ein befinn seg på Rugsundbrua tek ein av éin meter frå tunnelopninga. Vi anbefala å halde lav fart og parkere på første parkeringsplassen, i staden for å køyre heilt ned på den gamle, smale vegen. Du er hjartelig velkommen til anten du kjem sjøvegen eller landevegen. Kaker, kaffi, brus og soft is er noko av det som vanlegvis vert solgt.

Kontakinformasjon: www.rugsund.no tlf:57 79 42 19/ 57 79 42 30, Mobil: 913 14 961



Smørhamn Handelstad

Det er eit privilegium å kunne feriere på ein stad som Smørhamn.

Her finn ein ro og fred, samt at ein kan ande inn historia som sit i veggane. På Smørhamn Handelsstad har det vore drive handel og gjestgjevar verksemd i uminnelege tider. Eit besøk som skal bumerkas er den tidligare kongen av Noreg og Danmark som var på besøk på 1700-talet. I dag er det Synøve og Johan Vadøy, og Kari og Knut Arne Vadøy som driv familietradisjonen vidare.

Med 5 nye leilegheiter i ei av dei flotte buene i Smørhamn, samt utleige av eit av dei gamle husa, kan du no få ferieopphold på den tradisjonsrike handelsstaden i Smørhamn.

Leilegheitene sto ferdig i juli 2005. Er de ei gruppe kan de også nytte selskapslokalet i den andre bua til felles hygge. Nærare det ekte og opprinnelege sjøhusmiljøet er det vanskeleg å komme.



Smørhamn

I Smørhamn er du bokstaveleg tala midt i smørauge. Med Frøysjøen rett utanfor, lune viker og holmar lenger inne, kan du fiske i mest all slag ver. Naturen rund Smørhamn Handelsstad er og eit kapittel for seg. Husa ligg lunt til innforbi øyar og skjer, men du kan ta turen til fots utover øya og oppleve storbåra i styggever, eller oppdage nye ting i fjøresteinane. Villsauen har beite her ute og om du vil, er den av det godlynna slaget, og du kan godt helse på.

Kontaktinformasjon: www.smorhamn.no tlf: 958 68 768/ 952 70 495





Sjøklippa Hornelen av gamalt Smalsarhorn

Hornelen kneisar loddrett opp frå skipsleia like vest for Rugsund, og vert med sine 860 meter rekna som den høgste sjøklippa i Europa. Hornelen er skapt av den same bergarten som resten av Ålfot-massivet er laga av dvs. gammal havbotn med forsteina avstengingar av sand og små og store steinar frå devontida. På den framoverlutande toppen skal det vere ei rivne i fjellet. Segna vil ha det til at sjøfolk fekk forbod mot å bruke skipsfløyta når dei passerte under Hornelen. Gjorde dei det, kunne vibrasjonen føre til at fjellstykket ramla ut og skapte ei flodbrygje. På fjell i Noreg er knytt så mange segner og mystikk til som Hornelen. Den mest kjende segna om Hornelen fortel om kong Olav Trygvasson som klatra opp i fjellveggen og festa skjoldet sitt øvst i fjellveggen. Då ein av hirdmennene freista å klive opp for å hente skjoldet, gjekk han seg fast og kom seg ikkje ned. Då skulle Olav Trygvasson ha klive opp, teke mannen under eine armen og bærga han trygt ned. Øvst oppe på Hornelen reiser Juratinden seg. Den har skap som ei jygr (trollkjerring) med ein unge under armen. Segna fortel at dette er jygra som Heilag Olav mante til stein ein gong han kom seglande så hardt framom at han kløyvde frå fjellet ei mektig steinblokk som datt ned og vart liggjande som det vi i dag kjenner som Marøyna. Saman med fjellet Vora i Breim er Hornelen det mest kjende "heksefjellet" i Sogn og Fjordane. Her ville overtrua ha det til at heksene samlast til fest både julenatta og jonsoknatta for å danse og halde fest saman med Fanden. I 1897 vart den bratte fjelleveggen klatra rett opp av den kjende fjellklatraren Kristian Bing frå Bergen. Han var i fylgje med den lokalkjende Anders J. Hunskår frå Skatestraumen. Bing er elles kjend som fjellklatrararpirionér i Jotunheimen og kring Jostedalsbreen, og i Ålfot-fjella.



Myklebustsætra i Ålfoten

På vegen mellom Ålfoten og Svelgen ligg Myklebustdalen med Myklebustsætra plassert rett attmed Sætravatnet. Her ligg ei av dei få setrane i Sogn og Fjordane som enno er i drift. Frå gammalt står det 30 hus på Myklebustsætra, 10 sel, 10 fjøs og 10 løer. Alderen veit ein ikkje sikkert, men sela hadde grue og ljore, noko som var sjeldsynt etter 1850. På det meste var setra delt mellom 12 av brukarane på Myklebust. Sjølv om det framleis er drift på Myklebustsætra er det nok ikkje så livleg som før, i alle fall ikkje om sommaren. Under hjortejakta om hausten kan det derimot enno vere stor aktivitet på setra. Det at den eine løa er bygd om til slakteplass seier sitt om at staden er ein samlingsstad for mange ivrige jegerar. Turistinformasjonen oppfordrar til å ta kontakt med kontoret i Svelgen eller Kalvåg om det er nokre som er interessert i sjå og høyre meir om denne vakre sætra.

I distriktet skil ein grovt mellom to typar seterdrift, mjølkeseter og sommarseter. Mjølkesetra vart, som namnet seier, nytta berre til mjølking og mjølka vart borene heim kvar dag. Sjølv om denne setertypen ofte låg noko nærmare garden, kunne det likevel vere tale om fleire kilometers bering av mjølka, og då mange stader i bratt lende. Myklebustsætra høyrer til den andre kategorien, nemleg sommarseter. Dette var ei meir organisert form for seterdrift enn mjølkesetra. Som regel låg desse eit godt stykke frå garden. Folk fra Myklebust måtte gå fem kilometer med ei høgdestiging på kring 250 meter. Sommarsetrane er òg kjenneteikna ved at dei har ein fast tunskipnad, med både fjøs til kyrne og sel til folk.

Til informasjon: avkjøyrsla ned til sætra er lite merka, ta difor kontakt med informasjonskontora som kan gje direkte og presis vegbeskriving.

Kontaktinformasjon: 57 79 58 54 (977 28 437 i setresesongen) / 57 79 58 66 (482 86 697 i setresesongen)



Ålfoten Kyrkje



Den 402 år gamle kyrkja ligg idyllisk til i Ålfoten. Kyrkja som har 100 sitjeplassar, vart bygd på 1600-talet. Årstalet 1678 var lenge rekna som byggeåret, men ho er truleg bygd kring 1610. Ålfoten kyrkje er soknekyrkje for Ålfoten sokn i Davik prestegjeld. Ålfoten kyrkje er ei langkyrkje i lafta tømmer. Det er mest uråd å få auge på den vesle kyrkja om ein tilfeldig ser etter henne frå riksvegen på oppsida av bygda. Men om ein tek vegen ned i Ålfot-bygda, og let blikket søkje etter eit lite kvitmåla kyrkjehus utan tårn, finn ein snart fram til den vesle trekkyrkja, den eldste i tre i Nordfjord. Ålfoten kyrkje har preg av eit solid handverk frå 1600-talet. Kyrkja er den einaste som står att i Davik prestegjeld frå tida diktarpresten Claus Frimann (1746-1829) hadde sitt virke her. Altertavla er like gammal som kyrkja, men overmåla i 1767. Det kan ha vore måleri der det no er stjerner, slik det er på tilsvarende altertavler.

Den eldste trekkyrkja i Nordfjord er også den eldste etter-reformatoriske kyrkja i fylket. Det finst ikkje kjelder som fortel om kven som bygde kyrkja i Ålfoten, men det kan godt ha vore ein eller fleire av dei profesjonelle omreisande bygningsfolka. Ålfoten kyrkje er framleis i vanleg bruk og vart for få år sidan restaurert i samarbeid med Riksantikvaren.

Kontaktpersonar: Lillian Myklebust tlf: 952 05 384 og Anne Helen Taklo Myklebust tlf: 482 86 697 Elles står det ei infotavle ved kyrkja.



Andre attraksjonar å få med seg i Bremanger Kommune

Botnane gravrøyser

På gardane Sørbotten, Øvrebotten og Nordbotten i Botnane ligg åtte gravrøyser, fleire lett synlege frå både vegen og skipsleia. Gravene er sannsynlegvis frå eldre bronsealder - kring 1800 - 1000 f. Kr. Desse kystrøysene er mellom dei fremste kulturminna frå bronsealderen som er bevart i Noreg, i god stand etter meir enn tre tusen år. Den største har eit tverrmål på 36 meter, den minste er på 14 meter. Når så mykje arbeidskraft kunne brukast på å bygge gravmæle over få utvalde personar, tyder det på at samfunnet var stramt hierarkisk ordna. Ta av frå riksveg 614 ved krysset på Myklebust. Følg fylkesvegen til Botnane ca 30 km. "Nordre Røysa" ligg nedfor vegen på høgre sida. "Søre Røysa" ligg på venstre side av vegen litt nærmere gardane i Nordbotten. Dei andre røysene ligg på Sørbotten på sørsida av Pollen.

Gamle Grotle Kyrkjegard

Restaurert kyrkjegard med graver/gravsteinar helt tilbake til Svartedauden. Kyrkjegarden ligg ut mot havet like innanfor Grotlesanden ei vidstrakt sandstrand det er vel verd å ta turen innom på sommartida.

Grotlesanden

Er ei av dei største sandstrendene på våre kantar. Her er silkemjuk sand så langt øye rekk. Grotlesanden er ein attraksjon i fint vær, men er kanskje endå meir fasinerande i styggevær når stormen bryt innover.

Vetvika

I si tid ei velstandsbygd med velstelte gardar og fin buskap. I dag står dei frå flytta husa og minner om det som ein gong var. Her finn ein også den minste gravplassen i Bremanger, med heile 9 graver. I dag er gravplassen, som vart vigsla i 1923, freda. For dei som går turen over frå Grotle eller reiser med eigen båt finn ein i Vetvika interessante planteførekommstar, og ei lun og fin lita badestrand.

Stiftinga Jørntunet

Jørntunet er eit gammalt gardstun, reist på midten av 1800-talet, på Davik. Eigedomen ligg i eit flott kulturlandskap, der det finnast steinmurar, hellegangar, planta tre og eplehagar. Bygningane på eigedomen er; stovehus, to kvernhus, eldhus og fjøsbygning med låve. I tillegg finst det murar av stabbur, bod, utedo og to smier. Stiftinga Jørntunet vart oppretta i 1992 og har som føremål å ta vare på og restaurere tunet og husa mest mogleg tilbake til opphavleg stand.

Fiskarstovene på Listet

Tek ein turen til vestsida av garden Listet i Bremanger vil ein finne ein fredeleg stad. Berre gamle grunnmurar står att og vitnar om tidlegare hektisk aktivitet, då opp til fleire hundretals menn "låg i Geitholmen". Den sesongvise bruken av staden har eldgamle røter, med eit siste høgdepunkt under vårsildfisket på midten av 1800-talet.

Fyrlykter rundt Kalvåg

Fyr og fyrlykter er vegvisarar for sjøfarande. Tre felles kjennemerker går att: a) ulike i storleik, b) oppsette til ulike tider og c) endra i samsvar med nye krav og teknologiske nyvinningar. Farvatna ved Kalvåg og rundt øya Frøya i ytre Bremanger har 6 fyrlykter: Smørhamn, Sparkeltaren, Kalvåg (Ola-fyret), Minnet, Nesje og Oldesteinen.

Kraft og industri i Svelgen

I Bremanger gav kraftrikdomane grunnlag for oppbygginga av industristaden Svelgen. Det tok tid før det vart etablert industri som kunne nytte krafta, og det var først frå 1950-åra Svelgen utvikla seg til ein større industristad, med verksemda Elkem Bremanger som dominerande arbeidsplass. Etter kommunereguleringa i 1963, vart Svelgen sentrum i den nye Bremanger kommune.

Krigsgrav på Novelandet

Nær 120 000 amerikanarar miste livet i fyrste verdskrigen, dei fleste på frontane i Frankrike. Ein var Lorents Bakke frå Bremanger. Han utvandra til Amerika i 1911. Han kom heim att som fallen amerikansk soldat i Frankrike, og vart gravlagd på kyrkjegården på Novelandet.

"Clupea" – flytande sildeoljefabrikk i 1950-åra

Vintrane midt på 1900-talet kom storsilda inn til kysten i enorme mengder for å gyta. Tusenvis av farkostar var i sving. Men eitt stort problem melde seg snøgt: mottakskapasiteten blei for liten. Til sesongen 1950 kom eit nytt tiltak på plass: Ein flytande sildoljefabrikk – "Clupea".

Smørhamn fyr på Fiskholmen

Fiskholmen ligg ut mot Frøysjøen sør for den gamle handelsstaden Smørhamn. Her vart det bygt bemanna fyr i 1871. I 1936 vart det sett opp ny fyrlykt og bemanninga avvikla. Enno (2009) finnast det mange spor etter det gamle fyret så som landingsplass, trapper og tufter.

Rugsund kyrkje

I Rugsund har det vore kyrkje sidan 1300-talet. Kyrkja stod på Rugsundøy til 1834, då den brann ned. Noverande kyrkje vart reist i 1837 på fastlandet. I 1911 vart ho restaurert og vigsla 6. aug. 1912. Kunstnaren Kinsarvik stod for dette arbeidet. Rosemåling og utskjeringar er utført av han. Det er sagt at interiøret er det vakraste i Nordfjord. Kyrkja har 28 glasmåleri, alle gåver frå kyrkjelyden.

For meir informasjon om alle eller andre attraksjonar, kontakt informasjonskontoret i Svelgen eller Kalvåg.



FASTE ARRANGEMENT I BREMANGER KOMMUNE

JUNI – JULI – AUGUST

Sommerutstilling på Holmen Atelier, Kalvåg

Sommerutstilling i Galleri Frøya, Kalvåg

Utstillingar i Kulturhuset Heimen, Bremanger

Guida tur til Vingen Helleristningfelt kvar fredag f.o.m medio juni – medio august.

Guida fjellturar med Keipen Turlag

Første helga i august - Kalvåg Kystfestival, Kalvåg

Medio august - Nordgulen Høgt og Lågt, Svelgen

KVA SKJER I BREMANGER KOMMUNE,

August.

1 – 2	Kl.	KYSTFESTIVALEN I KALVÅG.
1 - 3	Kl.	Sommarutstilling på Pamala Dunbar Atelier, Kalvåg
1	Kl.	Klypashow på Knutholmen, Kalvåg
1	Kl. 22:00	Steinar Engelbrektson Band spelar på Knutholmen, Kalvåg
2	Kl. 09:00	Fottur til Bukkenibba-Svinevika frå vegkrysset i Ålfoten med Keipen Turlag
2	Kl. 12:00	Friluftsgudstjeneste på Frøya, Kalvåg
2	Kl. 12:00	Kjøring på Motorcrossbana i Kalvåg.
3-6	Kl.	Akvarellkurs med Ann Blockley hos Galleri Frøya, Kalvåg
6	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
7	Kl. 16:40	Vingen helleristingsfelt. Guida tur/retur Smørhamn (Kl. 16:05 frå Florø) Påmelding.
7-9	Kl.	Kurs i Nålefilting av figurar og relieffer m/Terje Simmenes på Galleri Frøya, Kalvåg
7	Kl 21:30	«Vacation» (12 år) Bremanger kino
8	Kl. 09:00	Jubileumstur til KEIPEN (Svart) frå Sørdalstrappa m/Keipen Turlag
8	Kl 22:00	Karaoke/Discotek, Ninas Kro, Svelgen
9	Kl. 12:00	Friluftsgudstjeneste på Haugsanden, Davik
9	Kl. 12:00	Kjøring på Motorcrossbana i Kalvåg.

9	Kl. 18:30	«Vacation» (12 år) Bremanger kino
9	Kl 21:00	«Mission Impossible – Rouge Nation» (15år) Bremanger Kino
10	Kl. 18:00	Hundetreff på hundebana på Håksbakkane med Bremanger hundeklubb
10	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
10	Kl. 19:00	Sølvguttene 75 års konsert - i Bremanger Kyrkje
13	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
14	Kl. 16:40	Vingen helleristingsfelt. Guida tur/retur Smørhamn (Kl. 16:05 frå Florø) Påmelding.
15	Kl. 20:00	Show Hildegunn & Leif-Per, Svelgen Hotell
15	Kl. 22:00	DJ, Svelgen Hotell
16	Kl. 12:00	Friluftsgudstjeneste på gamle Kyrkjetonma i Rugsund
16	Kl. 12:00	Kjøring på Motorcrossbana i Kalvåg.
17	Kl. 18:00	Hundetreff på hundebana på Håksbakkane med Bremanger hundeklubb
20	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
22	Kl. 10:00	Åpning av turløypa Blålida – Troda med Leirgulen Idrettslag – Snorklipping og tur
22	Kl. 13:00	Troda Opp. Start frå Davang. Motbakkeløp og Trodastemne
22	Kl. 10:00	Fottur til Mulen (Rød) frå Ninas Kro i Svelgen m/Keipen Turlag
23	Kl. 12:00	Kjøring på Motorcrossbana i Kalvåg.
23	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L
24	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
24	Kl. 18:00	Hundetreff på hundebana på Håksbakkane med Bremanger hundeklubb
27	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
28–30	Kl. 18:00	Kurs i kvardagslydhet for hundar. Instruktør Stine Senneset, Hundebana på Håksbakkane
28	Kl. 21:00	PubQuiz på Ninas Kro, Svelgen
29	Kl. 12:00	Hundens dag v/Håvardstunbutikken,
29	Kl. 22:00	Party Express, Svelgen Hotell
30	Kl. 12:00	Kjøring på Motorcrossbana i Kalvåg.

September.

3	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
6	Kl. 12:00	Open dag på Knekkevasshytta (Blå) med Keipen Turlag
6	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L

7	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
10	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
17	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
17-20	Kl.	Kurs i Akvarellmaling med Thomas Schaller på Galleri Frøya, Kalvåg
20	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L
21	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
24	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus

Oktober.

1	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
4	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L
5	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
8	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
15	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
19	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
22	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
29	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus

November.

		Kulturnatt i Bremanger
1	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L
2	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
5	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
12	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
13	Kl.	Markering av Keipen Turlag 25 år.
15	Kl. 19:00	Bingo på Havly i regi av B.I.L
16	Kl. 18:00	Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom. Knutholmen, Kalvåg
19	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
26	Kl. 18:30	Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus
28	Kl.	Førjulsmorro i Svelgen, Svelgen Opp og Fram og Svelgen Skulemusikk
29	Kl.	Jule i Kalvåg.

- | | | |
|----|-----------|--|
| 29 | Kl. 19:00 | Bingo på Havly i regi av B.I.L |
| 30 | Kl. 18:00 | Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom.
Knutholmen, Kalvåg |

Desember.


- | | | |
|----|-----------|--|
| 3 | Kl. 18:30 | Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus |
| 10 | Kl. 18:30 | Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus |
| 12 | Kl. | 150 års jubileum Frøya Kyrkje og Julekonsert, Frøya Kyrkje. |
| 14 | Kl. 18:00 | Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom.
Knutholmen, Kalvåg |
| 17 | Kl. 18:30 | Bingo i Småsalen, Svelgen Samfunnshus |
| | Kl. | Julekonsert i Bremanger Kyrkje. |
| | Kl. | Julekonsert i Davik Kyrkje. |
| | Kl. | Julekonsert i Rugsund Kyrkje. |
| | Kl. | Julekonsert i Svelgen Kapell |
| | Kl. | Juletrefest i romjula på Isane Forsamlingshus |
| 28 | Kl. 18:00 | Strikkekafe på Knutholmen. Ta med strikketøyet og kom.
Knutholmen, Kalvåg |
| 30 | Kl. 21:00 | Dans i Svelgen Samfunnshus |

Kos dykk i Bremanger i sommar!



BANK

Sparebanken Sogn og Fjordane ligg i Bremanger kommune er lokalisert i Bremanger og Svelgen. Her finn du kontor med hyggelege tilsette som gjev god informasjon innanfor temaet bank. På utsida av kontora finn ein minibankar som er døgnopne. Minibank finn ein og i Kalvåg ved sida av Sparbutikken. Laurdag og søndag er kontora i banken stengde. Om ein treng ulike valuta må ein oppsøkje lokala til Sparebanken i Florø, Førde eller Måløy.



Opningstider Bremanger:

Tysdag, torsdag og fredag 10-15

Bank i butikk: Spar Bremanger

Minibank utanfor Spar Kalvåg

Opningstider Svelgen:

Måndag, onsdag og fredag 10-15

Bank i butikk: Coop Svelgen

Opningstider Kundesenter:

Måndag – torsdag: 08 – 21

Fredag: 08 – 15:30

Telefon: 578 29 700

Fax: 578 29 701



BUTIKKAR

Holmen Atelier v/ Pamela Dunbar

I dag driv Pamela mest med formgjeving i strikk og kan tilby eit brent spekter av stilfulle strikka og tova plagg: jakker, kjolar, genserar og tilbehør- sjal, skjerf, hals og pulsvarmarar. Som materiale nyttast fiber som: ull, lin, bomull og silke. Det takast ofte bestillingar etter mål. Produkta seljast engros og gjennom eigen butikk. Her kan ein også leige sykkel.

Stad: Kalvåg

Telefon: 57 79 23 49



Røysa spøt og tråd

Røysa Spøt & Tråd er ein liten butikk som held til i Kalvåg. Her vert det selt tråd og diverse strikkevarer, samt barneklede i alderen 0-8 år. Der er og sal av smykkekolleksjonen Hjerter som er eit norsk design. Røysa Spøt & Tråd har også utsal av dameklede i samarbeid med Farmen.

Stad: Kalvåg

Telefon: 476 76 903

Galleriet i Kalvåg

Hjertelig velkommen til Galleri Frøya og Galleri Loftet i Kalvåg. Galleriet ligger i dei gamle butikk lokala på vegen ned til Knutholmen. Galleri Loftet ligger over Galleri Frøya.

Stad: Kalvåg

E-post: kfsvars@online.no

Telefon: 952 15 399



Nødset husdekor

Nødset husdekor er eit firma som produserer husdekor av topp kvalitet. Dei er utstyrt med toppmoderne maskiner som kan lage det meste når det gjelder husdekor. Dei leverar produkta deira direkte til forbrukar utan fordyrande mellomledd. Produkt vil bli sendt direkte til kundar gjennom posten.

Stad: Kalvåg

E-post: otto.nodset@enivest.net

Telefon: 901 17 135

NBN Elektro

NBN held til i eige bygg på Evja i Florø, og har her eit stort lager og eit rikt utstyrt verkstad som gjer det mogleg å handtere dei fleste situasjonar på kort varsel. På Hauge i Ytre-Bremanger ligg det ein butikk med sal av kvite- og brunevarer, samt eit lager med installasjonsmateriell.

Stad: Bremanger

E-post: nbn.brem@frisurf.no

Telefon: +47 57 79 15 76

Farmen

Farmen ligg på Iglandsvik i Bremanger. Her er det kafé med sal av is og kaker som kan nyttast ved uteområdet. Det er også sal av dameklede frå str.34-48 til damer frå 18-100 år. I ei avdeling i butikken blir det og selt blomar og eit innslag av sesongens interiør. Farmen har også utsal av barnekledde i samarbeid med Røys Spøt & Tråd.

Stad: Bremanger

E-post: farmen.bremanger@hotmail.com

Telefon: 57 79 59 10/ 97 09 00 14



Frisør

Treng du ein klipp? Då han kommunen fleire stader som kan hjelpe deg. Damene på Eli's Frisørsalong held til i Kalvåg og Bremanger, og kan by på sminke- og brudefriseringstips. Om du oppheld deg i Svelgen kan Wito og Bello La hjelpe deg. Begge salongane ligg i sentrum av Svelgen og er lett å finne.

Stad: Bremanger og Kalvåg

Stad: Svelgen

Telefon: 57 79 12 50/ 995 19 087

Telefon: 57 79 34 24 - Wito



Telefon: 57 79 10 60 – Bello La

Politi

Politiet i Bremanger helde til i Svelgen, men har og enkelte kontordagar i Kalvåg.

Om det er noko ein lure på kan ein ringe 02800 eller sende ein e-post til post.sfj@politiet.no.

For nødhjelp er nummeret 112.



Carola's buaspa

Unn deg ekte velvære i sjøbu-miljø. Her finn du SPA-behandlingar, solopplevingar på innandørs sandstrand, infraraud badstue, oksygen-bar eller nyt massasje i boblebadet utandørs og innandørs. Her kan du slappe av og nyte flott utsikt over vågen i Kalvåg.

Stad: Kalvåg

E-post: carola.strandberg@buaspa.no

Telefon: 414 30 673

Heimeside: www.buaspa.no



O. Grotle Eftf

Odd Grotle Eftf ligg på Iglandsvik i same lokalet som Joker butikken. Her er det sal av jernvarer, maling, bildekk og fritidsutstyr etc.

Stad: Bremanger

Telefon: 57 79 12 00

S. M. Dyrstad

Ligg i Svelgen sentrum i dei tidlegare lokala til Centrum. Her er det sal av mykje ein kan komme til å trenge som til dømes profesjonelt tilbehør til elektroverktøy, malig, jernvarer og mykje meir.

Stad: Svelgen

Telefon: 57 79 20 33

BÅTHAMN

Svelgen Marina

Bremanger Hamn og Nærings KF har lagt ut betongflytebrygger med 120 meter kaiplass fint plassert i kommunesenteret Svelgen inst i Nordgulen. Djupne ved lavast lav vavn ved sjøtrappa er 1,00 meter.

Prisar:

Gjesteplatz pr. døgn inkl. vatn	Kr. 100,-
Straum pr. døgn	Kr. 50.-

Betaling til Servicekontoret, rådhuset. Kontakt telefon: 994 39 290 / 57 79 63 00

Kalvåg

Kaia ved Knutholmen

Pr. døgn inkl. vatn	Kr. 145,-
Straum pr. døgn	Kr. 45,-

Betaling til Knutholmen.

Kontakt telefon: 57 79 69 00.

Rugsund Handelsstad gjestehamn

Rugsund Handelsstad kan tilby ei god og lun hamn med kai og flytebryggjer. Straumuttak på kaia, 16 amp. kursar. Der er òg sanitæranlegg, vaskemaskin, tørketrommel, grillplass, leikeplass og tilgang til trådløst internett. Ring tlf. 57 79 42 19 for å få nøyaktige prisar.

Iglandsvik Marina, Bremanger

Gjestehamn med anlegg for straum og vatn i tillegg til sanitæranlegg med dusj og toalett

Prisar: 170,- døgnet inkl. straum

For meir info: *Jostein Grotle tlf: 915 42 550*



OPPHELD DU DEG ANDRE STADAR OG DU TRENG EI HAMN, TA KONTAKT MED

TURISTINFORMASJONEN ELLER OPPSØK DEI SOM EIG HAMNA FOR MEIR INFORMASJON.

DAGLEGVARER

JOKER DAVIK:

Måndag – fredag 09 – 19
Laurdag 09 – 15
Telefon 57 79 47 68

COOP SVELGEN:

Måndag – fredag 09 – 18
Laurdag 09 – 16
Telefon 57 79 60 60

JOKER OG SPAR BREMANGER:

Måndag – fredag 09 – 18 Spar: 08-18
Laurdag 09 – 18 08-18
Telefon Joker: 57 79 12 00 / Spar: 57 79 13 08

SPAR KALVÅG:

Måndag – fredag 09 – 20
Laurdag 09 – 18
Søndag 11 – 15
Telefon 57 79 10 10

NÆRBUTIKKEN LEIRGULEN:

Måndag – fredag 09 – 17
Laurdag 09 – 15
Telefon 57 79 41 36

JOKER ÅLFOTEN:

Måndag – fredag 11 – 18
Laurdag 10 – 13
Telefon 57 79 58 32

DRIVSTOFF

Er bilen stoppa og du treng du drivstoff? Då er det greitt å vite kvar ein få tak i nødvendig assistanse. Drivstoff er å finne på Svelgen Motorsenter AS i Svelgen, ved Joker i Bremanger og Joker i Davik, samt i Kalvåg. Om du står fast langt frå nærmeste bensinpumpe, ring ditt forsikringsselskap og dei hjelpe deg vidare.

Kontaktinformasjon angående drivstoff:

Svelgen Motorsenter AS (Best bensinstasjon) Tlf. 57 79 36 11
Gunnar Scjeldrupsvei 111 Kontakt person: Børge Teigene
6723 Svelgen E-post: bt@svelgenmotor.no

Opningstider: Måndag – fredag	08 – 22
Laurdag	10 – 22
Sundag	11 – 22

Joker Bremanger

6727 Bremanger Tlf. 57 79 12 00
Opningstider: Måndag – fredag 09 – 18 Kontaktperson: Leif Inge Grotle
Laurdag 09 – 15

Joker Davik

6730 Davik Tlf. 57 79 47 68
Opningstider: Måndag – fredag 09 – 19 Kontaktperson: Frode Drageset
Laurdag 09 – 16

Bensinpumpene i Kalvåg

6729 Kalvåg Tlf. 915 86 458
Opningstider: Kortautomat, alltid open. Kontaktperson: Svein Inge Fosse

Dieselpumpe Kalvåg

Berre for båt

6727 Kalvåg

Tlf. 57 79 66 66

Opningstider: Kortautomat, alltid open

Kontakt: Brødrene Larsen

Smørhamn

Både for bil og båt

Tlf. 959 03 233

6729 Kalvåg

Kontaktperson: Magne Grotle

Rugsund Handelstad

6734 Rugsund

Tlf. 57 79 42 19

Berre for båt

Kontaktperson: Harald Skaar

Kolset

6701 Måløy

Tlf. 57 85 36 50

Betaling: Måløy Havneservice sitt Bensin og Diesel-kort

Kontakt: Måløy Havneservice AS

DROSJER I BREMANGER KOMMUNE

Eikeset Taxi/ Pål Eikeset

Tlf: 959 56 341


Rugsund Taxi Per Helge Olsbøe

Tlf: 416 39 102

57 79 41 11

Svelgen Taxisentral

Tlf: 57 79 34 09



FERJER OG HURTIGBÅTAR

I Bremanger har vi mykje sjø rundt oss. Og i den samanhengen bør det være fint å opplyse om når desse ferjene og hurtigbåtane går, kvar dei stoppar og kvar dei skal. Vi har to ferjesamband i kommunen vår. Desse gjeld Stårheim – Isane og Oldeide – Måløy. Samtidig har vi hurtigbåten som går frå Bergen – Selje, som stoppar to plassar i kommunen. Her kjem eit utklippe av ferjene. Om du treng ruter for returtider, ta kontakt med turistinformasjonen eller ring 177.



14-669

Oldeide-Måløy

23.06.15-18.06.16

Måndag - Fredag												
Frå	Oldeide kai	0620	0730	0910	1020	1130	1250	1400	1515	1700	1815	2000
Frå	Husevågøy kai	0635 b	0745 b	0925 b	1035 b		1305 b		1530 b		1830 b	
Til	Måløy kai	0655	0805	0945	1055	1200	1325	1430	1550	1735	1850	2035
Måndag - Fredag												
Frå	Oldeide kai	2110	2215									
Frå	Husevågøy kai											
Til	Måløy kai	2140	2245									
Laurdag												
Frå	Oldeide kai	0730	0910	1020	1250	1400	1515	1700	1815	2000	2110	2215
Frå	Husevågøy kai	0745 b	0925 b	1035 b	1305 b		1530 b		1830 b			
Til	Måløy kai	0805	0945	1055	1325	1430	1550	1735	1850	2035	2140	2245
Søndag												
Frå	Oldeide kai	0910	1020	1250	1400	1515	1700	1815	2000	2110	2215	
Frå	Husevågøy kai	0925 b	1035 b	1305 b		1530 b		1830 b				
Til	Måløy kai	0945	1055	1325	1430	1550	1735	1850	2035	2140	2245	

b Passasjerer som skal reise frå staden må nyte gult roterande blinklys som er montert på kaia.

Operator: Fjord1 AS Tlf. 57 75 70 00

Generell informasjon: M/F "Vågsøy" tlf. 415 36 366.

I daglinje: Må = Måndag, Ty = Tysdag, On = Onsdag, To = Torsdag, Fr = Fredag, S = Skuledagar



14-669

Måløy-Oldeide

23.06.15-18.06.16

Måndag - Fredag

Frå	Måløy kai	0545	0655	0830	0945	1100	1210	1330	1435	1620	1735	1920	
Frå	Husevågøy kai			0710b				1225b		1450b	1635b	1750b	1935b
Til	Oldeide kai	0620	0730	0900	1015	1125	1245	1355	1510	1655	1810	1955	

Måndag - Fredag

Frå	Måløy kai	2035	2140
Frå	Husevågøy kai	2050b	2155b
Til	Oldeide kai	2110	2215

Laurdag

Frå	Måløy kai	0655	0830	0945	1210	1330	1435	1620	1735	1920	2035	2140
Frå	Husevågøy kai	0710b			1225b		1450b	1635b	1750b	1935b	2050b	2155b
Til	Oldeide kai	0730	0900	1015	1245	1355	1510	1655	1810	1955	2110	2215

Søndag

Frå	Måløy kai	0830	0945	1210	1330	1435	1620	1735	1920	2035	2140	
Frå	Husevågøy kai				1225b		1450b	1635b	1750b	1935b	2050b	2155b
Til	Oldeide kai	0900	1015	1245	1355	1510	1655	1810	1955	2110	2215	

b Passasjerer som skal reise frå staden må
nytte gult roterande blinklys som er monetert
på kaia.

Operatør: Fjord1 AS Tlf. 57 75 70 00

Generell informasjon: M/F "Vågsøy" tlf. 415 36 366.

Smørhamn - Kjelkenes

Fra Smørhamn			Fra Kjelkenes		
mandag - fredag	lørdag	søndag	mandag - fredag	lørdag	søndag
05:55	05:55		06:40	06:40	
07:25	07:25		08:10	08:10	
08:55	08:55	08:55	09:40	09:40	09:40
10:25	10:25	10:25			11:10
		11:55	12:40	12:40	12:40
13:25	13:25	13:25	14:10	14:10	14:10
14:55	14:55	14:55	15:40	15:40	15:40
16:25	16:25	16:25	17:10	17:10	17:10
17:55	17:55	17:55	18:40	18:40	18:40
19:25	19:25	19:25	20:10	20:10	20:10
		20:55			21:40
9	9	9	9	9	9

Tal
turar



14-814

Stårheim-Isane

23.06.15-18.06.16

Måndag-fredag		Laurdag		Søndag	
Frå	Frå	Frå	Frå	Frå	Frå
Stårheim kai	Isane kai	Stårheim kai	Isane kai	Stårheim kai	Isane kai
0600	0620				
0645	0705	0645	0705		
0730	0750	0730	0750	0730	0750
0820	0840				
		0830	0850	0920	0945
0920	0945	0920	0945	1020	1040
1020	1040	1020	1040	1100	1120
1100	1120	1100	1120	1200	1220
1200	1220	1200	1220	1300	1320
1300	1320	1300	1320	1350	1410
1350	1410	1350	1410	1430	1450
1430	1450	1430	1450	1520	1540
1520	1540	1520	1540	1600	1620
1600	1620	1600	1620	1650	1710
1650	1710	1650	1710	1730	1750
1730	1750	1730	1750	1830	1850
1830	1850	1830	1850	1920	1940
1920	1940	1920	1940	2020	2040
2020	2040	2020	2040	2120	2140
2120	2140	2120	2140	2235	2255
2235	2255	2235	2255		

Operatør: Fjord1 AS Tlf. 57 75 70 00

Generell informasjon: M/F "Davik" tlf. 415 36 367.

I daglinje: Må = Måndag, Ty = Tysdag, On = Onsdag, To = Torsdag, Fr = Fredag, S = Skuledagar

Bergen-Nordfjord-Bergen



RUTE 23531

Fartøysoversikt, se under.

01.05.15-18.06.16

<i>Fra</i>	<i>Bergen</i>	<i>Fra</i>	<i>Lygra</i>	<i>Fra</i>	<i>Vardetangen</i>	<i>Fra</i>	<i>Mjømna</i>	<i>Fra</i>	<i>Skjerjehamn</i>	<i>Fra</i>	<i>Sollibotn</i>	<i>Fra</i>	<i>Rysjedalsvika</i>	<i>Fra</i>	<i>Krakhella</i>	<i>Fra</i>	<i>Askvoll</i>	<i>Fra</i>	<i>Flora</i>	<i>Fra</i>	<i>Smørhamn</i>	<i>Fra</i>	<i>Leirgulen</i>	<i>Fra</i>	<i>Måley</i>	<i>Til</i>	<i>Selje</i>
MANDAG-FREDAG / MONDAY-FRIDAY																											
0800	0840 ^h	0900			c	0925	0940	1015	1050	1130	1200										1240	1305					
1630	1710 ^h	1730			c	1800		1820	1905	1955	2020	d									2110	2140					
LØRDAG / SATURDAY																											
1415	1455 ^h	1515			c	1550		1610	1650	1735	1800	d								1850	1915						
SØNDAG / SUNDAY																											
*	1630	1710 ^h	1730		c	1800		1820	1905	1955	2020	d								2110	2140						
**	1630	1710 ^h	1730	1750	c	1810	1840	1900	1935	2015	2045	2105 ^d								2135	2210						

<i>Fra</i>	<i>Selje</i>	<i>Fra</i>	<i>Måley</i>	<i>Fra</i>	<i>Leirgulen</i>	<i>Fra</i>	<i>Smørhamn</i>	<i>Fra</i>	<i>Flora</i>	<i>Fra</i>	<i>Askvoll</i>	<i>Fra</i>	<i>Krakhella</i>	<i>Fra</i>	<i>Rysjedalsvika</i>	<i>Fra</i>	<i>Sollibotn</i>	<i>Fra</i>	<i>Skjerjehamn</i>	<i>Fra</i>	<i>Mjømna</i>	<i>Fra</i>	<i>Vardetangen</i>	<i>Fra</i>	<i>Lygra</i>	<i>Til</i>	<i>Bergen</i>
MANDAG-FREDAG / MONDAY-FRIDAY																											
05	0835	0915	0950					f	c	1020	g	1055 ^h	1150														
30	1700	1740	1810	1835	1905	c	1920	1935	1955 ^h	2045																	
LØRDAG / SATURDAY																											
0650	0720	0735 ^e	0805	0835	0915	0950		1005 ⁱ	c	1020	1030	1055 ^h	1150														
SØNDAG / SUNDAY																											
1510	1540	1555 ^e	1625	1700	1745	1820				c	1850	g	1920 ^h	2015													

- c - Bestillingstur 51868700, minimum 8 pers.
- d - passasjerer som skal nordover må ringe 9168 1245, 9168 1244 eller 9168 1246 innen 30 minutt før anløp, værforbehold
- e - Passasjerer som skal sydover blinker med lampe eller ringer 916 81 246, 916 81 245 eller 916 81 244 (Værforbehold)
- f - kun mandag, dersom passasjerer fra Nordfjord
- g - dersom passasjerer fra Nordfjord
- h - anløp dersom passasjerer til stedet, passasjerer fra stedet ta kontakt med fartøyet
- i - Kun avstigning
- *) Gyldig i perioden 01.05.15 - 14.06.15 og 16.08.15 - 18.06.16
- **) Gyldig i perioden 21.06.15 - 09.08.15
- ***) Venter på skolebssen

Fartøy i rutene	Telefonnummer
M/S Frøya	kunde 905 81 374 skip 916 81 245
M/S Njord	kunde 907 21 369 skip 916 81 246
M/S Vingtor	kunde 905 90 855 skip 916 81 244

Ruteendringer se norled.no

SMS-VARSLING Send "Norled varsle 2055" til 2077, se også www.norled.no
For videre korrespondanse - se www.ruteinfo.net eller ring 177



14-661

Florø-Smørhamn-Måløy

23.06.15-18.06.16



		Må	Ty	
		On	To	Fr
Måndag - Fredag				
Frå	Florø kai	1605	1605	
Frå	Villevik kai	1615	1615	
Frå	Smørhamn kai	1640	1640	
Frå	Hennøystrand kai	X	X	
Frå	Leirgulen kai	X	X	
Frå	Måløy kai	1745	1745	
Frå	Hennøystrand kai	...	X	
Frå	Smørhamn kai	...	X	
Frå	Villevik kai	...	X	
Til	Florø kai	...	1915	

Laurdag		
Frå	Florø kai	1300
Frå	Villevik kai	X
Frå	Smørhamn kai	1345
Frå	Hennøystrand kai	
Frå	Leirgulen kai	
Frå	Måløy kai	
Frå	Hennøystrand kai	
Frå	Smørhamn kai	
Frå	Villevik kai	
Til	Florø kai	1425

Søndag		
Frå	Florø kai	1630
Frå	Villevik kai	X
Frå	Smørhamn kai	1700
Frå	Hennøystrand kai	X
Frå	Leirgulen kai	X
Frå	Måløy kai	1800
Frå	Hennøystrand kai	...
Frå	Smørhamn kai	...
Frå	Villevik kai	...
Til	Florø kai	...

Operator: Fjord1 AS Tlf. 57 75 70 00

Generell informasjon: M/S Sylvarnes tlf. 906 46 095. Reservefarty M/S Vetlefjord tlf. 415 36 347.

I tabell: | = Passerer ikke staden, X = Stoppar dersom passasjerar, - = Passerer staden utan oppgitt rutetid
 I daglinje: Må = Måndag, Ty = Tysdag, On = Onsdag, To = Torsdag, Fr = Fredag, S = Skuledagar



14-661

Måløy-Smørhamn-Florø

25.06.15-18.06.16

**Måndag - Fredag****Frå** Måløy kai 0510**Frå** Smørhamn kai 0600**Til** Florø kai 0635**Operatør:** Fjord1 AS Tlf. 57 75 70 00**Generell informasjon:** M/S Sylvarnes tlf. 906 46 095. Reservefarty M/S Vetlefjord tlf. 415 36 347.

I tabell: | = Passerar ikkje staden, x = Stoppar dersom passasjerar, - = Passerar staden utan oppgitt rutetid
I daglinje: Må = Måndag, Ty = Tysdag, On = Onsdag, To = Torsdag, Fr = Fredag, S = Skuledagar

FJELLTURAR



Keipen Turlag er ein kommunedekkande organisasjon. Laget arrangerer turar både i ytre og indre deler av kommunen. Turlaget disponerer to hytter med overnattingsmoglegheiter. Den eine er Moldahytta som ligg i fjellmarka på garden Eikeland, ovanfor kommunesenteret Svelgen. Den andre er Knekkevasshytta som ligg rett opp for Svelgsvatnet. Denne hytta overtok turlaget etter at kraftutbygginga i området var slutført. Laget har og tatt ansvar for merking og rydding av fleire stiar i kommunen.

Det er gjedd ut bok og kart der alle turane blir framheva og vist, og som kan bli kjøpt på informasjonskontora. På www.ut.no kan du også finne mange turar frå Bremanger. Bl.a har Sogn og Fjordane Turlag, Keipen Turlag og Svenn Petter Kjerpeset lat ut mange fine turar.

Informasjon om enkelte fjellturar:

Veten (frå Grotle)

Start frå snuplassen yst på Grotle. Ta til høgre langs nausta mot fjellgrinda. Noko bratt stigning på god sti i ur inntil knapt 300 høgdemeter. I Groldalen flatar løypa ut i 700-800m før ny brattare stigning på nye 200 høgdemeter. Då er ein oppe på platået og har ca. 1,8 km at til Veten. Vetenplatået er flatt og steinfrift. Siste 700 m før veten møter ein en slakk motbakke på 70 høgdemeter. Frå toppen har ein god utsikt utover havet samt nord og sørover. Turen opp tar ca. 2 timer og heile turen har merkinga blå løype, som vil seie at den passar for nybyrjarar/middels trena turgåarar med grunnleggande ferdigheter.

Hornelen (Frå Berleneset)

Dette er ei rute til Hornelen som passar for familiar. Likevel er det naudsynt med litt fjelltrening før ein legg ut på tur. Ruta gjev stor naturoppleving – flott utsikt. Det er bygd ei lita steinhytte på toppen av Hornelen. Nedre del av løypa er ofte våt (frå Hunskår), men det vert no jobba med klopper (gangveg av tre). På toppen er det viktig å vere obs på rullesteinar og djupe sprekker.

Heile turen tek ca. 8 – 10 timer.

Denne turen er merka raud løype og passar erfarte turgåarar, den krev god uthaldenheit og godt turutstyr.

Risevatn

Turen byrjar ved bom anleggsveg i Svingen på R614 ved risevatnet. Det er parkering for 2 – 3 bilar ved bommen, men ein kan godt parkere i sentrum og spasere fram til bommen.

Anleggsvegen er ein grusveg som er 5 km lang. Den går i variert terreng langs vasskanten og opp i skogen. Enden på vegen er ved tunellinnslaget til kraftanlegget. Vegen er mykje nytta både til spaserturar og som joggeløype og skiløype. Turen kan gjerast med joggesko. Vatn finn ein undervegs. Vi ser utover Risevatn mot vest og Staven, Rikeloftet og Omnen mot sør. I retning sør frå tunellinnslaget kan ein sjå ansiktsprofilen i fjellmassivet som er kalla "Risevatnes voktar". Heile turen tar ca. 3 timer.

Denne turen er merka med grøn løype som vil seie at den passar til nybyrjarar, den krev ingen spesielle ferdigheter og skal kunne gjennomførast av alle.

Keipen

R614/Sørdalsdammen-Keipen 14t, 270 - 1362 moh.

Turen byrjar ved trappa som går opp frå Sørdalsbrua ca. 6 km frå Svelgen. Kan parkere på stor utkøyrsle ved naust, Sørdalsvatn. Frå Sørdalsdammen er det T-merka sti til tregrensa og vidare til Keipen. 200 m sør om hytta ved Knekkevatn går stien opp den bratte lia mot soraust, følgjer dalsøkket over Storskredene og over Hjelmemyrane mot Søre Hjelmevatn. Ruta til Keipen er varda og merka med T-ar. Merkinga går på sørsida av Søre Hjelmevatnet og vidare til Keipen. Ver merksame på å fylgje merkingane nøye i dei litt bratte grasbakkane på hylla i Øvre Vasskaret. Frå Keipen er det mogeleg å gå til t.d. Plogen og Maritinden ved å halde litt nord om vasskiljet i austleg retning.

Skitur til Keipen blir ofte lagt slik at ein etter Keipen går vidare austover mot Plogen, og inn på Hulle 7. I Hulle 7 har vi jamn køyring nordover og ned til Førdedalen. I Førdedalen kan vi gå på god skogsbilveg heilt ned til grensa Førde i Ålfoten. Vatn finn ein undervegs. Frå ca. 1000 moh og opp kan det vere vanskeleg å finne vatn på grunn av steinur. Dei særmerkte fjellformasjonane gjer dette området veldig spesielt. Keipen har gitt namnet til turlaget i Bremanger. Keipen er det høgaste fjellmassivet i Svelgen området. Utsikta frå toppen er fantastisk i alle retningar.

Turen tek ca. 14 timer.

Denne turen har merkinga svart merking og passar erfarte fjellfolk, turen krev god uthaldenheit og godt turutstyr samt kunnskapar om kart og kompass.

Ålfotbreen

10B Ruta går til fossen ved Litje Åsgårvatn. Følgjer vidare hylla til ein rundar inn på breen, eller følgjer fast fjell vest for breen mot høgste brekulen. Ein kan gå på ski på breen mest heile sommaren. Ein fylgjer fjellryggen vest for breen og endar ved ein stor varde med kasse og besøksbok ca 500 meter vest for brekulen. (NB. Tau -sikring på Breen). Når det gjeld Ålfotbre-området kan det vere nyttig info å finne på DNT Bergen sine fjellsportsider på internett. Det kan vere nyttig å sjå på ruteskildringane og teikningane der.

Heile turen tek ca. 10 timer. Denne turen har merkinga svart merking og passar erfarte fjellfolk, turen krev god uthaldenheit og godt turutstyr samt kunnskapar om kart og kompass.

Arrangerte fjellturar sommaren 2015

- **Gjegnen (Svart)**

Søndag 28.juni går turen til Gjegnen til fots. Dette er ein lang og krevjande tur og er difor for trente turgårarar, Turen tek ca 10-12 timer og krev derfor godt utstyr, mat og drikke. Oppmøte stad er i krysset i Ålfoten kl 09.

Turleiarar Svenn Petter Kjerpeset – 958 98 565 og Leo Cirotzki – 950 30 381

- **Grøndalen – Blåbrebu – Saga – Førdedalen (Raud) Overnattingstur**

4-5.juli er det overnattingstur. Vi går til Grøndalen – Blåbrebu – Saga – Førdedalen.

Dette er ein lang tur som krev at ein klarar å bere med seg utstyr då ein skal overnatte. Oppmøte Ninas Kro i Svelgen kl 12.

Turleiar Svenn Petter Kjerpeset – 958 98 565

- **Hornelen (Raud)**

Søndag 19.juli går turen til Hornelen. Ein flott tur for heile familien. Det er ein lang tur, men er borna turvante så klarar dei denne turen. Oppmøte er Berleneset kl.10. Turen tek ca 8 timer.

Turleiarar Gisle Skjølberg og Rob Deckers

- **Ålfotbreen (Svart)**

Søndag 26.juli får turen til Ålfotbreen til fots. Dette er ein lang og krevjande tur. Du bør derfor vere fjellvant/trent om du skal vere med. Turen tek ca 10 timer. Oppmøtestad er krysset i Ålfoten kl. 09

Turleiarar Bjarte Myklebust og Rob Deckers

- **Bukkenibba – Svinevika**

Søndag 2.august går turen til Bukkenibba og vidare til Svinevika. Turen tek ca 10 timer. Kupert terreng og vanskegraden er krevande. Oppmøtestad er vegkrysset i Ålfoten kl 09
Turleiarar Svenn Petter Kjerpeset – 958 98 565 og Bjarte Myklebust

- **Jubileumstur til Keipen (Svart)**

Søndag 9.august vert det arrangert jubileumstur til Keipen i anledning Keipen Turlag sitt 25 års jubileum i år. Turen er for trente turfolk og det er viktig med gode sko, drikke og godt med niste. Oppmøte er ved Sør dalstrappa. Turen tek til klokka 09 og ein vil bruke ca 10 timer på turen.

Turleiarar Svenn Petter Kjerpeset – 958 98 565 og Steinar Isene – 950 30 371

- **Karlskareggja**

Søndag 16.august er det fottur til Karlsegga. Kupert terreng og middels vanskegrad.
Oppmøte ved Langesjø kl. 10.

Turleiarar Steinar Isene – 950 30 371 og Arne Loftheim – 993 99 495

- **Mulen (Raud)**

Søndag 23.august går turen til Mulen. Turen tek ca 4 timer i kupert terreng.
Oppmøtstad ved Ninas Kro i Svelgen sentrum kl. 10.

Turleiarar Inger Lise Langedal – 470 63 543 og Oddmund Leirvik – 952 76 383

- **Fottur til Såta (Blå)**

Søndag 30.august vert det fottur til Såta. Kupert terreng og vanskegraden ganske lett.
Oppmøtestad er ved Sør dalstrappa kl. 10.

Turleiarar Steinar Isene – 950 30 371 og Arne Loftheim – 993 99 495

- **Open dag på Knekkevasshytta (Blå)**

Søndag 6.september avsluttast tursesongen med open dag på Knekkevasshytta.

Vertskapet er på hytta frå kl. 12- 15. Dei serverar suppe, kaffi, saft og kaker. Vegen opp finn du sjølv, ein kan gå opp ved Amsterdam eller Sørdalstrappa.

Vertskapet på hytta er Steinar Isene, Jorunn Styve,, Johanna Midtun, Audhild Vistnes, Olga Årsnes og Sissel Sandvik – 911 02 654

GOD TUR!



MAT OG DRIKKE

Bakarhuset i Svelgen



Har du lyst på fersk bakst må du innom Bakarhuset i Svelgen. Her finn du gode lunsjmogleheter og noko lett å drikke. I same lokalet held òg Aktiv jobb til. Dette er ei tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I lokala til Bakarhuset vert det sal av kunst og handverk som Aktiv jobb har laga.

Opningstider Tysdag - fredag 10:30 – 14:00.

Bakarhuset, Gunnar Scheldrupsveg 11, 6723 Svelgen, tlf. 91658520/ 95982930



Bakarhuset



Brødrene Larsen Fiskebutikk

Bremanger har ein lang og sterk kyst- og fiskekultur. Fiskerinæringa har vore og er framleis av stor verdi for folket i området. Det er ei næring under utvikling og tilgangen til råvarer er stabil. Brødrene Larsen Eftf. i Kalvåg har i eit halvt århundre vore ein del av dette miljøet. Dei tilsette ved bedrifta legg stor vekt på gode råvarer og høg kvalitet. Skal du ha fersk og sunn middag ein dag, då må du satse på Brødrene Larsen og kvalitetsfisk frå Kalvåg. Om det er noko du lurar på, treng råvaretips eller noko anna, ikkje nøl med å sende ein e-post eller ta ein telefonsamtale. Du er hjartelig velkommen innom fiskeutsalet i Kalvåg, vegg i vegg med Norway Pelagic på Kalvøyna.

Opningstider:

Måndag – fredag	07:30 - 15:30
Laurdagar mellom mai og august	11:00 - 13:00
Laurdagar før mai og etter august	Ring og avtal tid.
Sundagar	Etter avtale.

Brødrene Larsen Eftf., Kalvøya, 6729 Kalvåg, tlf. 57 79 66 66, Faks: 57 79 66 67, Mobil: 47 27 59 85, e-post: sylvi@brdrnlarsen.no.



Dampen

Restauranten Dampen held til på den gamle dampskipskaia på Davik. Dampen er kjent for sin gode mat og har alle rettigheter. Dei held ein enkel og rimeleg meny. Dampen har òg eige grillhus og eige røykeri. Her finn ein uterestaurant der det er moglegheiter for selskap og andre samankomstar. Lokala er innreia med preg av det maritime, med spesiell vekt på dei gamle fjordabåtene. Dampen i Davik er ein ypperleg stad å ta seg ein kopp kaffi på kaia og nyte den flotte Fåfjorden som held Sunnfjord på ei side og Norfjord på den andre sida. For å forsikre seg om at det er ope når ein har lyst å sjå Dampen og få høve til å kjøpe noko, ring gjerne til turistinformasjonen, 48 14 04 88 eller direkte til Dampen.

Dampen Serveringstad AS, 6730 Davik, Tlf. 57 79 42 66.



Dampen



Havly Pensionat Bremanger

Velkommen til kystkultur, sandstrender så lang auge rekk og fiskeeldoradoet Bremanger.

I idylliske omgjevnader på Iglandsvik finn du Havly Pensionat. Du finn oss heilt i sjøkanten blant naust og sandstrender, der ramsalt sjø og sjøbuer dannar ramma. Ekte opplevingar i ekte miljø. Her kan du velje mellom sjarktur og havfiske, påhengs, fjellturar, stangfiske frå neset, sydendag på stranda – storlagen og kontrastrik natur gir mangfaldige høve til gode opplevingar. Havly Pensionat & Kafé i Bremanger vil i sommar halde open kvar dag.

Kafeen opnar for sommaren fredag 27.juni kl.18.00 og har føljande opningstider:

Måndag, tysdag og torsdag: Kl.15.00 - 22.00.

Onsdagar: Kl.15.00 - 24.00.

Fredag og laurdag: Kl.15.00 - 02.00.

Sundagar: Kl.13.00 - 22.00.

Havly Pensionat & Kafé, 6727 Bremanger, Tlf. 57 79 21 30 / 91 83 36 11, e-post:

havly.bremanger@enivest.com

Heimesider: www.havlypensionat.no og www.facebook.com/havly



Knutholmen

Likar du god atmosfære, god mat og ramsalt kystkultur? Då er Knutholmen og fiskeværet Kalvåg ein stad du vil trivast. Når du kjem til Knutholmen har du teke steget inn i ei maritim verd. Familien Fosse som eig og driv staden har lagt vekt på at den gamle sjøbustilen vert teken vare på. Restauranten manglar ingenting. I gangavstand rundt den vesle vågen finn du rorbuene, rom eller leilegheiter, restauranten, puben, dansegolvet og møteromma. Her er det mat frå havet som spesialitet. Ferske råvarer er viktig for eit godt resultat, og ligg så og seie midt i spiskammerset med fiskefelta berre eit steinkast utanfor.

Her finn du båten, skjeret, ausekjæret, tønna, taukveilen, snekka og fjærsteinane. Utanfor har du akvariet med fisk frå området. Ta med deg familie, gode venner, kollegaer eller kundar til fiske og opplevingsparadiset Kalvåg. Kalvåg i seg sjølv er eit stort levande hotell. Opent kvar dag frå 08.

Knutholmen, 6729 Kalvåg, Tlf. 57 79 69 00, Faks: 57 79 69 01, post@knutholmen.no.

Heimesider: www.knutholmen.no og www.facebook.com/knutholmen



Ninas Kro

Ninas kro ligg i Svelgen sentrum og har servering av middagsmeny, pizzameny og hamburgermeny. Matbestilling vert halden fram til kl. 21:30, medan matservering varer fram til kl. 22.00. Matbestilling kan òg bestillast på telefon: 57 79 31 32 fram til kl. 21.30 kvar dag. Alkoholserveringa stenger ein halv time før stengetid. Opningstidene kan variere ved arrangement, så sjekk difor ut kva opningstider som gjeld under arrangementsida. Dette kan ein gjere på facebooksidene til Ninas Kro

Opningstider:

Måndag - Tysdag	14:00 – 23:00
Onsdag	14:00 – 24:00
Torsdag	14:00 – 23:00
Fredag	14:00 – 02:30
Laurdag	15:00 – 02:30
Søndag	15:00 – 22:00



Ninas Kro, 6723 Svelgen, tlf. 57 79 31 32 e-post: ninaskro.svelgen@enivest.no

www.facebook.com/ninaskrosvelgen



Sanoh Takeaway

Sanoh Takeaway ligg på Hauge saman med Spar Bremanger og frisørsalongen. Her kan ein bestille god thailands mat som ein både kan nyte i lokala eller ta det med seg som takeaway. Det er også mogleg å bestille catering til større selskap.

Opningstider:

Søndag – torsdag 11 – 20

Fredag – laurdag 11 - 21

Maten må seinast bestillast innan 1 time før stengetid.



Meny finn ein på sanoh.no



Svelgen Hotell – Kafé og Restaurant



Svelgen Hotell ligg i Svelgen sentrum. Her kan du kose deg med ein kopp kaffi og noko godt å bite i. Restauranten har utsikt mot fjorden og har ei roleg atmosfære. Hotellet har eigen kafé, restaurant og bar.

Opningstider:

Glunten Kafé

Måndag - fredag	11.00 - 17.00
Laurdag og sundag	11.00 - 16.00

Restauranten:

Måndag - fredag	17.00
Laurdag og sundag	16.00

Bar i restaurant:


Måndag – torsdag	18.00 - 22.30
Fredag og laurdag	16.00 - 02.00
Sundag frå	16.00 - 21.30
Baren stenger 30 min før ordinær	
Stengetid alle dager	

Hotellets kjøkken:

Måndag til fredag:	12.00 - 20.00
Catering:	Bestilling frå Kl. 08.00
Laurdag og søndag:	13.00 -21.00 (Dagens 13-15)
Catering:	Bestilling frå kl. 13.00

Svelgen Hotell AS, Postboks 34, 6721 Svelgen, tlf. (+ 47) 57 79 65 20, faks (+ 47) 57 79 65 21, e-post post@svelgenhotell.no.

Heimesider: www.svelgenhotell.no og www.facebook.com/svelgenhotell



OVERNATTINGSMULIGHEITER

HYTTER / RORBUER / ROM

Jan Kåre Bakke har med båtleige og gjere. Tlf: 92 45 41 64



Bakkevik Brygge

Bakkevik Brygge ligg heilt innerst på Novelandet og yst mot storfjorden. Her nyter du den totale stillheten og nærliken til havet. Naturen rundt er gavmild og passar både for den aktive eller for dei som berre vil nyte den storlagne vestlandsnaturen. Her finns tilbod om sauna og Jacuzzi som er ekstra deilig etter ein fjelltur med slitne føter og bein. For dei som er glad i å fiske, finns nokre av kystens beste fiskeplassar rett utanfor Bakkevik. Ved brygga ligg motorbåtar klare for å ta deg ut på spennande jakt etter havets delikatesser. På varme sommardagar reiser du til Grotlesanden i Bremanger eller Bontelabo i Kalvåg. En av Noregs finaste strender med kritkvit sand, krystallklart vatn omkransa av høge fjell. På kvelden serverast ein solnedgang av dei sjeldne i frå altanen på Bakkevik Brygge. Bakkevik Brygge er tilpassa for å kunne ta imot bedrifter, foreiningar og lag som ynskjer å kombinere faglig innhald med friluftsaktiviteter. Bakkevik Brygge passar utruleg bra for dei som ynskjer ein sosial ramme rundt eit fagleg innhald. Som krydder i det faglige, kan dagane for eksempel fyllast med fiske, sykling og vandreturar. Det er òg innreia eit maritimt lokale under to av buene. Her kan opptil 45 personer sitte til bord. Det er moglegheit å få leige eigen kokk og servitørar. Ta gjerne kontakt for meir informasjon om kva moglegheiter som finns. Den velrenomerte restaurangen Knuthomen i Kalvåg ligg berre ti minutt med båt frå Bakkevik Brygge. Det er tilgjengeleg lerret til prosjektorar, samt trådllaus internett forbindelse (WLAN). Om ynskjeleg kan det skaffast ein eller fleire prosjektorar til utleige.

Prisane gjeld opp til 5 personer og er vekeprisar. Sengetøy og 2 handdukar pr. person. Rorbuene kan òg leigast i ein eller fleire dagar. Pris pr. dag er vekespris del på 7 samt eit fast tillegg på kr 500,-.

Prisar:

Rorbu 1, 2 og 3: kr 5500,- eks. sengekle

Rorbu 4 og 5: kr 5900,- eks.sengekle

Post@bakkevikbrygge.no tlf: 958 56 060 Heimeside: www.bakkevikbrygge.no

Havly Pensjonat ynskjer deg velkommen til kystkultur, sandstrender så lang auge rekк og fiskeeldoradoet Bremanger. I idylliske omgjevnader på Iglandsvik finn du Havly Pensjonat. Du finn oss heilt i sjøkanten blant naust og sandstrender, der ramsalt sjø og sjøbuer dannar ramma. Ekte opplevingar i ekte miljø. Her kan du velje mellom sjarktur og havfiske, påhengs, fjellturar, stangfiske frå neset, sydendag på stranda – storlagen og kontrastrik natur gir mangfaldige høve til gode opplevingar. Pensjonatet har 11 rom, fire dobbeltrom og sju enkeltrom, alle med bad. Det er felles tv-stove, matsal, kurs/ konferansesal og bar. For booking, ta kontakt.



Prisar:

895,- for enkeltrom inkl. frukost.
1095,- for dobbeltrom inkl. frukost.

Havly Pensjonat & Kafé i Bremanger vil i sommar halde open kvar dag.

*Havly Pensjonat & Kafé, 6727 Bremanger, Tlf. 57 79 21 30 / 91 83 36 11, e-post:
havly.bremanger@enivest.com www.havlypensjonat.no*



Bremanger Sjøbuer er feriehus med høg standard, liggande ved sjøkanten med fantastisk utsikt ut over fjord og landskap. Flott uteområde der ein kan nyte livet med utandørs badestamp og gassgrill. Det er her to feriehus (127 m² per hus) med 4 soverom og 8 sengeplassar, der det er to senger per rom. Stove med TV/parabol, dvd, radio og internett tilgang, moderne og velutstyrt kjøkken med kjøleskap/frys, oppvaskmaskin og middagsbord til 8 personar. Bad med WC, boblebad/ steamdusj og eit separat WC. Varme i alle golv, vaskemaskin/ tørketrommel og utandørs badestamp. Begge sjøbuene har terrassevarmar og hagemøblar. Det er eit eige separat naust tilrettelagd for tilberedning av fisk som er disponibelt. Ei sjøbu er òg tilrettelagd for handikappa. Det er også mogleg med leige av båt.

For meir informasjon og prisar ta kontakt.

Bremanger Sjøbuer, Ytrehus, 6723 Svelgen, (+47) 57 79 55 55 / 91 88 45 28



Bremanger Sjøbuer



Bugta er dei perfekte familiehyttene for dei som likar nærleik til sjøen. Til kvar hytte føljer det to båtar og to kajakkar. Samstundes er det sykkelavstand frå Kalvåg og Grotlesanden. Fjella rundt Bugta er fine områder for turgåing.

Bugta består av to hytter; Fiskholmen og Sjøstjerna.



"Fiskholmen" er innreia med mange maritime detaljer. I kjøkkengolvet er det vindauge, slik at ein kan sjå fisken under flytehytta. Møblane er laga av drivved og gamle båtar. På soverommet ligger man under en båt og har fantastisk utsikt mot havet. Hytten har tre soverom (8 sengeplasser). "Sjøstjerna" har tre fine ute plassar, ein for frukost, en for soling og en for stelling av fisk. To soverom i 2. etasje som kvar har ei enkel- og ei dobbelseng. Hytta passar for fire vaksne og to barn.

Bugta Hytter

«Sjøstjernen» er ein unik trekanta konstruksjon som gjev stor styrke og stabilitet. Fordelane ved ein trekant kontra ein rektangulær konstruksjon er at alt det vesentlege av oppdriftsmiddel ligg plassert der tyngda er, under bygget. Det er den minste med seks sengeplassar, men på grunn av den spesielle konstruksjonen er det god plass både inne og spesielt ute.

Ta kontakt for meir informasjon eller besøk heimesida: www.sjostjernen.no

*Ole Stenbakk, Bugta, 6729 Kalvåg, tlf.908 37 199 /908 37 199, faks 57 79 15 97, e-post:
ole@sjostjernen.no.*



Bualoftet ligg Vakkert til på Hauge i Bremanger. Dette er ei leilegheit med høg standard og totalt fem sengeplassar som er beståande av et soverom med dobbeltseng, ein dobbel sovesofa i stova og ei gjesteseng. Godt utstyrt kjøkken med kjøleskåp med frys, komfyr og steikeomn, oppvaskmaskin, kaffetraktar og vasskoker. På badet finn du dusj og vaskemaskin. Koseleg stove med flatskjerm TV og utgang til altan. Internett. Her er det flott utsikt over småbåthamna på Hauge og utover Bremangerpollen. Det er og kort veg til bank og butikk. Ta kontakt for priser og meir informasjon.



Bualoftet

*Bualoftet, Hauge, 6726 Bremanger, tlf.957 21 080, e-post: randi@ferstadinstallasjon.no.
www.fjordkysten.no*



Eikeset Havbu

Eikeset Havbu ligg på Eikeset i rolige omgjevnader i sjøkanten med flott havutsikt. Kort vei til Kalvåg og Bremanger.

Leilighet:

2 soverom med fire sengeplassar totalt

Kjøkken/ stove/gang

Bad med wc/dusj og vaskemaskin

Pris

Leilighet pr natt 1000 kr

Leilighet pr veke 6000 kr

Leige av utvask 400 kr

Kontakt informasjon: Therese og Pål Eikeset, 6727 Bremanger

Tlf 950 29 300 / 906 55 681, mail: tgrotle@hotmail.com



Dyrstad Hytter ligg ved Nordgulefjorden, idyllisk i si eiga lune vik. Her er du midt i ferie og fiskeparadiset. Du kan fiske frå land, eller ta båten utover fjorden, fisk som torsk, makrell, sei og lyr er hyppige på kroken. Du kan finne freden på Dyrstad. Her er fjella og fjorden den perfekte ramma for avkopling og rekreasjon. Kommunesenteret Svelgen ligg ca. 8 km frå Dyrstad. Her har ein butikkar, bank bensinstasjon, hotell og kiosk. Dyrstad Hytter har ei hytte til utleige, samt utleige av båtar. Ta kontakt for prisar og meir informasjon.

Dyrstad Hytter, Dyrstad, 6723 Svelgen, tlf. 57 87 52 34 / 90 66 54 82, faks 57 87 66 12, e-post: so-gjoer@online.no.

www.fjordkysten.no



Dyrstad Hytter



Knutholmen ligg midt i Kalvåg. Likar du god atmosfære, god mat og ramsalt kystkultur, då er Knutholmen og fiskeværet Kalvåg ein stad du vil trivast. Det er ikkje eit hotell, men i gangavstand rundt den vesle vågen finn du rorbuene, restauranten med dansegolv, hotellromma og kurslokala. Kalvåg i seg sjølv er eit stort levande hotell. Her er mat frå havet som spesialitet. Ferske råvarer er viktig for eit godt resultat og Knutholmen ligg så og seie midt i spiskammerset med fiskefelta berre eit steinkast utanfor. Ta med deg familie, gode venner, kollegaer eller kundar til fiske og opplevingsparadiset Kalvåg. Det fins forskjellige overnattingsmuligheter på Knutholmen. Her er rorbuer, rom, leilegheiter og suitar. Knutholmen er òg ein stad for kurs og konferanse. Ta kontakt, og det blir funne det rette for di gruppe. Elles er det levande musikk som spelar kvar dag i sommar, med unntak av sundagar.

Prisar:

Enkeltrom	frå kr 1.190,- pr. døgn inkl. frukost
Dobbelrom	frå kr 1.390,- pr. døgn inkl. frukost
Rorbu/leileghet:	frå 600,- pr. pers. pr. døgn i oppreidde sengar og inkl. Frukost på Knutholmen kr. 95,- kjem i tillegg. Born mellan 4-12 år kr. 300,- pr. born. Ekstra senger kr. 350,- pr. person
For grupper over 10 personar:	- kr 695,- pr. pers i dobbeltrom - kr 300,- pr. pers i enkeltromstillegg

Knutholmen, 6729 Kalvåg, tlf. 57 79 69 00, faks 57 79 69 01, e-post: post@knutholmen.no.

www.knutholmen.no



Knutholmen



Rugsund Handelsstad har utleige av hus, rom og leilegheiter. Totalt 20 - 25 sengeplassar i tillegg til teltplassar og gjestehamn. Her kan ein sove over eit gammalt bakeri, på eit mjølloft eller i eit verkstad. Bakeriet var tidlegare tingstove for Nordfjord og hadde bakeri i kjellaren. I dag er Bakeriet til utleige med stove (radio og tv m. parabol) og vedfyrt omn (og elektrisk), utstyrt kjøkken og 2 soverom (5 sengeplassar + dobbel og enkel sofa i stove) i første etasje. Og ei trapp ned til bakerikjellaren finn du kjellarstove med peis og bakaromn, frysar og bad med vaskemaskin. Mjølloftet er ei utleigeleilegheit i vestre sjøbu 2. etasje som tidligare var eit mjøllager, difor namnet. Der er kjøkkenkrok, sofakrok med tv og 4-6 sengeplassar, eit separat soverom med 2 sengeplassar og nytt bad m/dusj og wc. Verkstaden er eit rom i vestre sjøbu 2. etasje med 2 sengeplassar i ei dobbelseng. Svalsloftet er eit rom i vestre sjøbu 2. etasje med 2 sengeplassar i ei dobbelseng og der er muligkeit for ekstraseng på sofaen. Butikkloftet er ei loftleilegheit over Landhandelen. Der er 3 soverom med 5 sengeplassar, stove m/ utstyrt kjøkkenkrok og oppvaskmaskin - bad m/dusj og wc.

Dei einskilde soveromma i bu-einingane kan leigast kvar for seg.

Ta kontakt for meir informasjon.

*Rugsund Handelsstad ANS, 6734 Rugsund, tlf. 57 79 42 19 / 91 89 64 94, Faks 57 79 41 30,
E-post: post@rugsund.net. www.rugsund.no*



*Rugsund
Handelsstad*




Smørhamn Handelsstad ligg på veg ut mot Kalvåg. Det er eit privilegium å kunne feriere på ein stad som Smørhamn. Her finn ein ro og fred, samt at ein kan ande inn historia som sit i veggane. På Smørhamn Handelsstad har det vore drive handel og gjestgevarverksem i uminnelege tider. I dag er det Johan og Knut Arne Vadøy som driv familietradisjonen vidare. Med 5 nye leilegheiter i ei av dei flotte buene i Smørhamn, samt utleige av eit av dei gamle husa, kan du no få ferieopphold på den tradisjonsrike handelsstaden i Smørhamn. Leilegheitene sto ferdig i juli 2005. Er de ei gruppe kan de også nyte selskapslokalet i den andre bua til felles hygge. Nærare det ekte og opprinnelege sjøhusmiljøet er det vanskeleg å komme.

I Smørhamn er du bokstaveleg tala midt i smørauge. Med Frøysjøen rett utanfor, lune viker og holmar lenger inne, kan du fiske i mest all slags ver. Naturen rund Smørhamn Handelsstad er og eit kapittel for seg. Husa ligg lunt til inn forbi øyar og skjer, men du kan ta turen til fots utover øya og oppleve storbåra i styggever, eller oppdage nye ting i fjøresteinane. Villsauen har beite her ute og om du vil, er den av det godlynna slaget, og du kan godt helse på.

For prisar og meir informasjon ta kontakt eller besøk www.smorhamn.no

*Smørhamn Handelsstad, 6729 Kalvåg, tlf. 958 68 768 / 95 27 04 95, e-post:
smorhamn@gmail.com. www.smorhamn.no*



*Smørhamn
Handelsstad*





Svelgen Hotell ligg i sentrum av Svelgen og har kort avstand til dei fleste attraksjonar, butikkar, arrangement etc. Hotellet har 39 rom til gjestar og besøkande. I første etasje finn du restaurant, kafé og to konferansesalar med kapasitet opp til 20 og 50 personar. Restauranten rommar opp til 160 personar og har ein bar som har alle rettigheitar. Det er tilgang til trålaust nettverk, samt gratis tilgang til treningsstudio med solarium og steambad.

Svelgen Hotell

Med Nordsjøen som nærmeste nabo, mellom bre og fjell. Her har du eit eldorado av opplevingar i nærområdet. Svelgen er det ideelle utgangspunkt for dagsturar i skog og mark, til fjell og fjord, bre og hav. Prisar er kr. 1100,- for enkelt rom og kr. 1200,- for dobbelt rom og alle prisar er med frukost.

Svelgen Hotell, Postboks 34, 6721 Svelgen, tlf. (+47) 57 79 65 20, faks (+47) 57 79 65 21, E-post: post@svelgenhotell.no. www.svelgenhotell.no



Veljebua ligg på Iglandsvik, like ved småbåthamn og molo, og med utsikt mot fjorden og havet. Denne bua er ei sjøbu som er over 100 år gammal. Bua har i fleire generasjonar vore nytta til fiskeriformål, til oppbevaring av garn og anna fiskeutstyr og til behandling av fisk. Vi har teke vare på ein del av den gamle sjøbua samstundes som vi har laga til eit moderne husvære med det vi trur du treng i ferien. Budelen har ein stor arbeidsbenk med utslagsvask og inneholdt også eit toalett. Husværet inneholdt fire soverom med til saman 8 sengeplassar. I 1.etg er det to soverom, bad med dusj/WC og vaskemaskin. I andre etasje finn du to soverom og ei lys, stor og triveleg stove med eit godt utstyr kjøkken.


Den kvite Grotlesanden ligg 2,5 km lenger vest og fjellet byr på flott turterreng. Dersom du vil slappe av, set du deg på den usjenerte kaia eller terrassen. I gangavstand frå Veljebua finn du ein landhandel som også sel drivstoff. Kafé, frisør og gaveartiklar finn du ved sida av. For priser og meir informasjon, ta kontakt.

*Veljebua, C/o Jarle Grotle Iglandsvik, 6727 Bremanger, tlf.+47 57 79 12 45 / 91 73 17 23,
e-post: jarle.grotle@online.no.*



Veljebua

www.fjordkysten.no



Åkrebua ligg midt i det sjærmerande bumiljøet på Iglandsvik i Bremanger. Den 100 år gamle bua er renovert til eit flott feriehusvære, der det gamle er godt ivareteke. Åkrebu innneheld stove/ kjøkken, 3 soverom med sengeplass til 7-8 personar, bad m/ dusj, grovkjøkken. Av andre fasilitetar kan vi nemne tv, radio/ cd, fryseboks, vaskemaskin og oppvaskmaskin.

Bremanger byr på mange flotte turløyper i fjellet og den velkjende Grotlesanden ligg berre 2,5 km frå Åkrebu. Butikk og kafé ligg like ved bua
Ta kontakt for prisar og meir informasjon.



Åkrebu

Åkrebu, Iglandsvik, 6727 Bremanger, tlf. 906 19 941, e-post: hgrh@online.no
www.fjordkysten.no



Amstkaia ligg i Kalvåg. Leilegheita ligg heilt i sjøkanten, er lekkert og eksklusivt innreia og har tre terrassar - i kvar sin retning. Butikk finn ein i 1 etasje i same bygg - berrre 2 min gange til Knutholmen og ein er der det skjer og samtidig i flott natur. Leilegheita har fire soverom og til saman 8 sengeplassar og en hems med ein koselig tv stove og plass til ekstra madrassar. Leilegheita ligg i toppetasjen og er utført i flotte kvaliteter. Den passar for alle og er koselig både for eit par eller fleire gjestar. Garantert ei flott oppleving for deg som vil være i ein god atmosfære.



Amstkaia

Prisar: 2 - 6 personar kr. 750,- pr. person pr. døgn.

Er ein over 6 - er prisen for dei 2 siste kr. 300,- pr. døgn.

Vekeprisar ved henvendelse

Prisane kan variere noko med sesong, og vekeleige rabatterast. Sengetøy og håndkle kr. 150,- pr. person, om ein ikkje har med sjølve. Utvask avtalast nærmare. Depositum ligg på kr. 2000,-.

Sissel Knutsen, tlf.913 80 028, e-post: sissel@sissels.no



Nordbotten Hytte

Heilårshytte på 60m2 med to soverom og hems. Fire sengar av hotellstandard, pluss romsleg hems med fire lause madrassar av god standard.

Opphaldsrom med kjøkkenkrok, komfyr, mikrobølgeovn, oppvaskmaskin, kjøleskap, frysar og kjøkken utstyr. Bad med dusj, eige rom for tørking av klær. Parabol - TV, høve til internett. Høve til vedfyring.

Hytta har stor terrasse på over 40m2.

Flott utsikt i eit ope landskap. Om sommaren vil du kunne oppleve mjølkekyr beite i nærområdet.

Der er tilgang til trampoline ved hytta. Kan leigast med og utan båt. Har nokre barnesyklar til utleie. Område har tilrettelagt Nordsjøløype på sykkel.

Ved bruk av hytta i Nordbotten vil vi kunne gje ein prispakke inkludert småviltjakt og eller fiske til ein svært gunstig pris. Det er berre å ta kontakt så vil vi hjelpe dykk til ein best mogeleg oppleveling

Prisar sommarsesongen:

Hytte første dag: kr. 1000,- deretter kr.800,- pr dag

Også mogleg å leige båt:

For ei veke: 1500,- eller 300,- dagen

Adresse: Botnane, 6723 SVELGEN

For meir informasjon ta kontakt *Rune Nordbotten Tlf: 415 53 395, e-post: run-norb@online.no*
www.oppigarden.no

Camping

Kalvåg Camping Frøyen ligg fint til med nydeleg utsikt ut over Frøysjøen og Botnane på andre sida. Kalvåg camping blei starta i 2003 av Roy Henning Frøyen i hovudsak har vi kundar med bubilar og campingvogner, men tilbyr også teltplassar, samt at her finns fantastiske naturmoglegheiter. Campingen ligg ved strandsona 500 meter før ein kjem til Kalvåg. Her er det plass til ca. 20 bu- og campingbilar. Plassen har eige sanitæranlegg med dusj og vaskemaskin, samt at det er kort gå avstand til sentrum av Kalvåg. For bestilling kontakt Roy Henning Frøyen på telefon: 986 31 641.

Bremanger Camping Iglandsvik er ein campingplass for bubilar og campingvogner. Campingplassen ligg godt plassert med tanke på mange flotte turløyper i fjellet og den velkjende Grotlesanden ligg berre 2,5 km frå campingen. Butikk og kafé ligg like ved. Det er godt egna med anlegg for straum, vatn og tömming. Det er også eit eige sanitæranlegg med dusj, toalett og vaskerom. Det er også handikaptoalett. For meir informasjon ta kontakt med Jostein Grotle på *tlf: 915 42 550*

Norway Adventure har moglegheit for leige av lavvo med enkle fasilitetar. Dette i samband med ulike tilbod med aktivitetar.

Telt

Områda i Bremanger er hovudsakleg private grunnar. I den samanhengen oppfordrar turistinformasjonen turistar å oppsøke kontora våre i Svelgen eller Kalvåg for meir grundig informasjon om kvar ein kan slå opp telt og om turar som er fine med overnattingar i telt.

Ellers kan ein ta kontakt med May Britt og Jan Ove Bratseth på tlf: då dei kan ha plass til campande med telt ut mot Grotle.

Hus

Trivelig feriehus liggande heilt ved fjorden Nordgulen, ca. 25 km utanfor Svelgen. Ein stille og roleg bygd i vakker natur. Rett nedanfor feriehuset ligg den inkluderte båten med motor, kort avstand til gode fiskeplassar. Ekstra båt med motor til leie må forhandsbestillast minst 3 veker før ankomst. Flytevester til leie. Tilberedningsrom til fisk med lys og vatn i kjellaren, der du og har ei stor bod. Svelgen vassdraget med lakseelv og ørretvatn ligg på ein avstand på ca. 25 og 30 km. Stove med vedomn, radio, TV og parabol. Tre soverom med ei dobbeltseng, 3 enkle senger og ei barneseng. Kjøkken med el-komfyr, kjøleskap, mikrobølgjeomn, frysar, oppvaskmaskin, vaskemaskin, tørketrommel, kaffitranktar og støvsugar. Bad med WC, handvask, dusj og golvvarme. Elles som er med er el-varme, hagegrill og strandtomt 10.000 m². Også mogleg med leige av båt.

For meir informasjon, kontakt Svanhild Leirvik, tlf. 415 92 572.

OPPLEV EKTE LIDENSKAP I BREMANGER KOMMUNE!

